



ÅRSMELDING 2008




TYSVÆR KOMMUNE

INNHALD

1	Politisk og administrativ leiing	3
1.1	Oversikt over politiske møter og saker.....	3
1.2	Tysvær kommunestyre i 2008	4
1.3	Administrativ organisering	5
2	Rådmannen sine kommentarar.....	6
3	Kommunale merkesteinar	7
4	Personaltilhøve og arbeidsmiljø.....	8
4.1	Tilsette, partsamansett utval, kontaktutval	8
4.2	Likestilling:	8
4.3	Arbeidsmiljø, IA-bedrift, HMS, verneteneste og sjukefråvær:	8
5	Økonomi samla for kommunen	9
5.1	Årsresultatet	9
5.2	Hovudtabell med resultatvurderingar drift	9
5.3	Investeringar	12
5.4	Lånegjeld	12
5.5	Oppsummert økonomi 2008.....	12
6	Rådmannen sin stab samla.....	13
6.1	Økonomiske resultat for rådmannen in stab samla.....	13
6.2	Fellessekretariat	14
6.3	Servicetorget	15
6.4	Personalkontoret	15
6.5	Økonomikontoret	16
6.6	Barnevern	17
6.7	PPT- kontoret	19
6.8	IT-kontoret	21
6.9	HMS – teneste.....	21
6.10	Flyktningskoordinator	22
6.11	SLT-koordinator.....	23
6.12	Samfunnsmedisin	23
6.13	Bustadforvaltning.....	25
6.14	Prioriterte utfordringar og mål i rådmannen sin stab.....	25
7	Resultatområdet skule.....	26
7.1	Økonomi	26
7.2	Tenester	26
7.3	Resultatvurdering	27
7.4	Prioriterte utfordringar og mål.....	29
8	Resultatområdet barnehage.....	31
8.1	Økonomi	31
8.2	Tenester	31
8.3	Resultatvurdering	31
8.4	Utfordringar:.....	32
9	Resultatområde rehabilitering	33
9.1	Økonomi/personalressursar	33
9.2	Tenester og resultatvurdering	33
9.3	Resultatområdet sine prioriterte utfordringar og mål.....	38
10	Resultatområdet aktivitet og omsorg.....	40
10.1	Økonomi	40
10.2	Tenester	40
10.3	Resultatvurdering	40
10.4	Prioriterte utfordringar og mål 2009.....	42

11 Resultatområdet kultur	43
11.1 Økonomi	43
11.2 Tenester	43
11.3 resultatvurdering.....	44
11.4 Resultatområdet sine prioriterte utfordringar og mål.....	47
12 Resultatområde kommuneutvikling	48
12.1 Økonomi	48
12.2 Tenester	48
12.3 Resultatområdet sine prioriterte utfordringar og mål.....	53
12.4 utfordringane som me ser framover er fylgjande:	56

1 POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING



1.1 OVERSIKT OVER POLITISKE MØTER OG SAKER.








Det har vært ein auke i talet på saker i formannskapet frå 2006 og 2007 til 2008. Talet ligg likevel ikkje så mykje over talet i 2004 (179) og 2005 (181). For kommunestyret kom auken i fjor med 27 saker. Hovudutvala ligg på eit nivå med ein variasjon på 10 – 15 saker. Unntaket er Helse- og omsorgsutvalet som hadde ein botn i 2005, mens 2004 var eit normalår med 54 saker.

Styrer/råd/utval	2005		2006		2007		2008	
	Møter	Saker	Møter	Saker	Møter	Saker	Møter	Saker
Kommunestyret *	8	76	8	83	9	110	8	108
Formannskapet	17	181	17	157	21	169	18	190
Oppvekst- og kulturutval	9	94	7	89	8	95	9	80
Kommuneutviklingsutval	11	184	13	176	10	186	9	189
Helse- og omsorgsutval	6	28	8	50	10	45	9	61


* I tillegg til 8 ordinære møter, har kommunestyret også deltatt i folkevalgtopplæring og den årlege strategikonferanse.

1.2 TYSVÆR KOMMUNESTYRE I 2008

Kommunestyret har i 2008 bestått av følgende:

Medlemmer:	Medlemskap/funksjon:
	
Randi I. Rettedal, Dalbygda, 5567 Skjoldastraumen	Kommunestyret, formannskapet
Knut H. Nesse, Stava, 5563 Førresfjorden	Kommunestyret, Formannskapet
Torill Grinde, Fjellvegen 53, 5563 Førresfjorden	Kommunestyret, Helse- og omsorgsutvalet
Leif Skogøy, Svartmyrveien 3, 5565 Tysværvåg	Kommunestyret, Helse- og omsorgsutvalet
Karsten Arne Larsen, Lervik, 5565 Tysværvåg	Kommunestyret, Utval for kommuneutvikling
Kenneth Kvinnesland, Smalamyr 20, 5570 Aksdal	Kommunestyret, Oppvekst- og kulturutvalet
Lyder Aasbø, Frakkagj.dalen 89, 5563 Førresfjorden	Kommunestyret
	
Harald Stakkestad, Høgenapvg. 4, 5563 Førresfjorden	Ordfører
Arvid Stokkenes, Nes, 5570 Aksdal	Kommunestyret, formannskapet
Håkon Lilleskog, Sagen, 5567 Skjoldastraumen	Kommunestyret, Utval for kommuneutvikling
Arne Gjerde, Stuvik, 5560 Nedstrand	Kommunestyret, Oppvekst- og kulturutvalet
Kirsti Hervik, Hervik, 5566 Hervik	Kommunestyret, Helse- og omsorgsutvalet
Magnar Halvorsen, Yrkje, 5567 Skjoldastraumen	Kommunestyret, Kontrollutval
	
Sigmund Lier, Alvanutvn. 14 A, 5570 Aksdal	Varaordfører
Emly Årvik, Årvik, 5565 Tysværvåg	Kommunestyret, formannskapet
Rune Stumo, Stegaberg, 5563 Førresfjorden	Kommunestyret, Oppvekst- og kulturutvalet
Bodil E. Tungland, Smalamyr 9, 5570 Aksdal	Kommunestyret, Helse- og omsorgsutvalet
Frode Løland, Bakkevik, 5560 Nedstrand	Kommunestyret, Helse- og omsorgsutvalet
Dag Halvorsen, Postboks 248, 5570 Aksdal	Kommunestyret, Utval for kommuneutvikling
	
Tone Åslaug Kringeland, Kophaug 9, 5570 Aksdal	Kommunestyret, formannskapet
Ola Steinar Apeland, Rønnevik, 5570 Aksdal	Kommunestyret, Utval for kommuneutvikling
Aasmund Austerheim, Heskja, 5570 Aksdal	Kommunestyret
Ole Andreas Stakkestad, 5563 Førresfjorden	Kommunestyret, Helse- og omsorgsutvalet
	
Svein Terje Brekke, Brekke, 5570 Aksdal	Kommunestyret, formannskapet
Kristine Aurdal, Tysvær, 5565 Tysværvåg	Kommunestyret, Utval for kommuneutvikling
John Ragnar Susort, Nesheim, 5563 Førresfjorden	Kommunestyret, Helse- og omsorgsutvalet
Arne Kjell Askeland, Frakkagj.dalen 12, 5563 Førresfj.	Kommunestyret, Oppvekst- og kulturutvalet
	
Anita Halsnes, Førresdalen 20, 5563 Førresfjorden	Kommunestyret, formannskapet
	
Trygve Egge, Sætre, 5570 Aksdal	Kommunestyret

1.3 ADMINISTRATIV ORGANISERING



2 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Vi er så heldige i Tysvær kommune at vi har ein svært god inntektssituasjon, samstundes som vi ved inngangen til 2008 måtte konstatere at utgiftene våre var i ferd med å nå igjen inntektene. Det vart difor i økonomiplanen for 2008-2011 vedtatt eit omstillingsprogram som skal sikre ein sunnare og meir berekraftig kommuneøkonomi med tilstrekkeleg eigenkapital til prioriterte investeringar og nye nødvendige driftstiltak i åra framover. Kravet i omstillingsprosjektet er at vi i økonomiplanperioden må finne og sette i verk kostnadsreducerande tiltak med ein heilårsverknad på 25 mill. kroner. Dette kan vere både mindretgifter og meirinntekter og skal over tid sikre eit netto driftsresultat på minst 3 % av kommunen sine samla driftsinntekter, dvs. ca. 20 mill. kroner pr. år.



Slik det nå ser ut, kjem Tysvær kommune i 2008 ut med eit netto driftsresultat på ca. 13 mill. kroner, mot budsjettert 1 mill. kroner. Dette skuldast for ein stor del eit høgt investeringsnivå og med det større momskompensasjon inn i drifta. Men det kan også sjåast som eit teikn på at omstillings-prosjektet sitt krav om god kostnadskontroll og meir kostnadseffektiv drift, er i ferd med å setta seg i organisasjonen. Samstundes er det viktig å understreke at hovuddelen av denne jobben gjenstår og at det er mange vanskelege prioriteringar som må gjerast.

Den gode ressursituasjonen vi har i Tysvær, også etter dei innsparingane som er føresett, gjer at vi på dei fleste område kan gi innbyggjarane våre gode tenestetilbod:

Etter mykje godt arbeid i resultatområde barnehage, og fleire bygg under oppføring, klarer vi slik det nå ser ut å oppfylle kravet om full barnehagedekning, med sterkt betra totaløkonomi og god kvalitet i barnehagedrifta. Resultatområde skule driv eit godt og systematisk arbeid, med byggutvikling, skulestrukturendringar, kompetanseheevande tiltak, oppfølging av skulane og ekstern evaluering, som vi reknar med vil visa godt igjen i læringsutbyttet etter kvart. Grundige gjennomgangar i 2008 av resultatområde rehabilitering og resultatområde aktivitet og omsorg, med RO som ekstern konsulent, viser at vi kan vere stolte av helse- og omsorgstenestene våre. Ein særskilt honnør til resultatområde rehabilitering for god kostnadsstyring og ingen nye tiltak ut over budsjett i 2008. Resultatområde kultur har, i tillegg til alle sine ordinære oppgåver, vore engasjert i fleire nye utviklingsprosjekt og m.a. hatt viktige deler av oppfølgingsansvaret for den nye storhallen på Frakkagjerd. Driftssituasjonen i resultatområde kommuneutvikling er prega av svært store investeringar som skal følgjast opp og også mange krevjande plansaker, m.a. reguleringsplanarbeidet for Aksdal. Gode oppgåveløysingar på desse områda framover i tid vil krevje betre organisatorisk tilrettelegging.

Tysvær kommune er vidare engasjert i fleire store og krevjande prosjekt på samfunnsutviklingssida, mellom anna; utvikling av Aksdal "frå vegkryss til levande småby ved vatnet", strandstadutvikling i Nedstrand, utviklingsplanar på Borgøy, utvikling av Aksdal industripark, utvikling av kommunal infrastruktur, m.v. i Haugaland næringspark. Også den nye storhallen på Frakkagjerd bør sjåast som eit samfunnsutviklingsprosjekt, som markerer Tysvær kommune sin sentrale plass i regionen og inngår i eit langsiktig arbeid med å få bygdene ved Aksdalsvatnet til å smelta saman til ein samanhengande tettstadidentitet. Aksdal-utviklinga og den nye industriparken ved Aksdal er her eksempel på prosjekt som kan komme til å ta lenger tid enn opphavleg rekna med, grunna krevjande avklaringar med andre aktørar og dei økonomiske nedgangstidene vi nå er inne i.

Som det her er peika på, og som årsmeldinga klart avspeglar, er vi så heldige å hå eit høgt fagleg ambisjonsnivå og mange flinke medarbeidarar til å løyse oppgåvene. Det er då viktig å merke seg at det offensive og heilskaplege utviklingsarbeidet vi alle ønskjer, føreset ein meir berekraftig kommuneøkonomi. Kanskje kan vi komme langt med ei kraftig oppbremsing, avhengig av veksten i dei statlege rammeoverføringane i åra framover, men vanskelege prioriteringar kjem vi ikkje utanom. Vil vi ha noko nytt i dei nærmaste åra framover, vil det som hovudregel vera i staden for noko anna som vi er viljuge til å redusere eller ta vekk. Nettopp denne budskapen treng vi eit bredt og felles eigarskap til på alle nivå i organisasjonen; politisk, administrativt og fagleg.

Arvid S. Vallestad

Rådmann

3 KOMMUNALE MERKESTEINAR

Tysvær frivilligsentral raskt på plass

Kirkens Bymisjon Haugalandet tok tidleg på året kontakt med Tysvær kommune om etablering av frivilligsentral i Tysvær.

Etter ein svært rask prosess der både kommunestyre, kommuneadministrasjon og Kultur- og kyrkedepartementet stilte med pengar og positive vedtak, kunne Tysvær frivilligsentral opna i september 2008 i Aksdal.

Ganske mange frivillige har meldt seg til teneste, og saman med dagleg leiar Elisabeth Lundervold Sørdal har dei gjennomført mange positive tiltak overfor ulike brukargrupper. Frivilligsentralen har hatt ein svært god start og har mange konkrete planar for 2009.

Nye idrettsanlegg:

Skjoldhallen vart opna i september. Skjold IL bygde og eig denne idrettshallen med medverknad økonomisk frå kommunen. Grinde skule brukar hallen til si gymnastikkundervisning.

Dette er blitt ein flott brukshall som Skjold IL skal ha stor ære for.

I november opna så Falkeid IL nytt kunstgrasdekke på ein av fotballbanane i Tysværvåg. Falkeid IL har også gjort ein svært stor dugnadsinnsats og dermed fått kunstgrasbane nummer tre i Tysvær fram på rekordtid.

Også her deltok kommunen sterkt i finansieringa. Begge anlegga får også mykje spelemidlar som kommunen forskotterer.

Samling av skulane i Nedstrand

Frå hausten 2008 er alle elevane i Nedstrandområdet samla på Nedstrand barne- og ungdomsskule. Inntil då har 1. – 4. trinna vore på Espevik og Stranda skular.

Samlinga har med jamne mellomrom vore tema sidan kommunesaman-slåinga i 1965, så det har vore ein lang prosess. Samstundes blei skulen på Hinderåvåg utbygd og opprusta for å kunne ta imot alle grunnskuletrinna.

Både utbygginga og rehabiliteringa er blitt sers bra. Det same gjeld uteområda. Skulen har fått ein flott utsikt mot sjøen etter at skogen mot sør er sterkt uttynna.

Tilbakemeldingane frå elevar, tilsette og føresette er at dei er svært nøgde med skulen slik han nå framstår.

Førresfjorden barnehage – den fleirkulturelle barnehagen

I samarbeid med Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) og Universitetet i Stavanger, har Førresfjorden barnehage siden 2007 deltatt i prosjekter knytt til implementering av rammeplanen for barnehagen og temaheftet "Språklig og kulturelt mangfold i barnehagen".

I 2008 har fokus vært kompetanseutvikling i andre barnehagar både i og utanfor kommunen. Barnehagen har hatt delegasjon frå Time kommune på studiebesøk, styrar har vore på Nafo landskonferanse i Kristiansand og hatt innlegg og barnehagen har hatt foredrag på Fylkesmannen sin konferanse i Sandnes. I tillegg har styrar hatt forelesing for studentar ved Universitetet i Stavanger og har fleire avtalte oppdrag for andre kommunar.

Gjennom prosjektet "Du store verden" ønskjer barnehagen å vidareutvikle ein fleirkulturell pedagogikk der ulike språklege, kulturelle og religiøse uttrykk vert synliggjort i barnehagen sitt kvardagsliv.

4 PERSONALTILHØVE OG ARBEIDSMILJØ

4.1 TILSETTE, PARTSAMANSETT UTVAL, KONTAKTUTVAL

4.1.1 Årsverk og tal på tilsette:

I 2008 var talet på årsverk **871,40**.

Talet på tilsette var i 2008, 1095, der 213 er mannlege arbeidstakarar og 882 kvinnelege arbeidstakarar. Talet på tilsette er gått ned frå 2007, då var talet på tilsette 1157. Det vil sei at kommunen har jobba mot intensjonen om å få større stillingsbrøkar, og dermed færre tilsette.

4.1.2 Partsamansett utval:

Partsamansett utval er samansett av 5 representantar frå arbeidsgjevarsida og 5 representantar frå arbeidstakersida. Utvalet har i 2008 hatt 5 møter, og handsama i desse møta i alt 9 saker.

Saker til behandling er m.a. seniortiltak, samordning av kommunens helse- og omsorgsteneste, etiske retningslinjer, avtale om bruk av bil i teneste og HMS-funksjonen si framtid.

4.2 LIKESTILLING:

Tysvær kommune som arbeidsplass må seiast vera kvinnedominert, jf. talet på tilsette der mannsdelen utgjer 19,35 % og kvinnedelen 80,54 %. Tala avspeglar i stor grad tradisjonar i samband med tenesteytinga; pleie og omsorg, barnehagar og skule. Når det gjelder toppleiving er det "ubalanse" i kjønnsfordelinga, medan kvinneandelen er noko høgare enn mannsandelen i mellomleiarstjaget.

Fordeling kvinner/menn i % av leiarstjaget i Tysvær kommune:

Grupper/områder/stab	Kvinner: pr. 31.12.2008	Menn: pr. 31.12.2008
Rådmannsgruppa	30,0 %	70,0 %
Leiarstillingar i stab	50,0 %	50,0 %
Seksjonsleiarnivå	54,0 %	46,0 %

4.3 ARBEIDSMILJØ, IA-BEDRIFT, HMS, VERNETENESTE OG SJUKEFRÅVÆR:

4.3.1 Arbeidsmiljø:

Arbeidsmiljøutvalet har i 5 møter handsama 26 saker i 2008. Det er m.a. fokusert på sjukefråværsoppfølging, statistikk frå kvart kvartal og revisjon av handlingsplanar i samband med IA-avtalen. Vidare vert det framlagt skade og forbetningsmeldingar for kvart kvartal. AMU har også behandla etiske retningslinjer og arbeidsgjevarpolitisk organisering. Vidare har ein behandla velferdsmidler til tilsette og årsmeldingar.

Hovudverneombodet rapporterer ein gong i året til AMU vedkomande verne- og miljøarbeidet i Tysvær kommune.

4.3.2 IA-bedrift:

Tysvær kommune har vore IA-bedrift frå 01.01.2001, og har sidan hatt sterkt fokus på sjukefråværet. Det har vore satt i verk fleire tiltak for å redusera fråværet. Mellom anna har ein gjennomført eit prøveprosjekt for "friske gravide" på Hamrane. Prosjektet har vært vellukka, og vil frå 2009 bli gjennomført i resten av kommunen. Terapisvømming for å forebygga muskel- og skjelettplager har vært eit tilbod til tilsette i 2008. Tilbodet har hatt stor oppslutning.

Rapporteringa gjennom året har vist at sjukefråværet varierer sterkt frå resultatområde til resultatområde i kommunen. I 2008 var sjukefråværet høgast i resultatområdet rehabilitering.

5 ØKONOMI SAMLA FOR KOMMUNEN

5.1 ÅRSRESULTATET

Tysvær Kommune sitt resultat viser eit netto driftsresultat på 18,6 mill kroner (5,7 mill. kroner i 2007) mot budsjettet 0,4 mill. kroner, skilnaden er på 18,3 mill. kroner. Dette er eit svært gledeleg resultat. Etter avsetjingar til fond, samt avsett til investeringar er årets regnskapsmessige overskott er på 13,4 mill. kroner. Det er dette overskott som blir lagt fram for kommunestyret til disponering i juni .

I tillegg er det i samband med rekneskapsavslutninga gjort avsetjingar til fond som kommunestyret må godkjenna ved handsaming av rekneskapen for året.

5.2 HOVUDTABELL MED RESULTATVURDERINGAR DRIFT

I tabellen nedanfor er rekneskap 2008 lagt inn i tabellen , saman med rekneskap 2007, og budsjett og regnskapsprognose for 2008 . I tillegg er vedteken økonomiplan 2009 – 2012 lagt inn i tabellen.

	Regn 2007	Budsj. 2008	Progn 2008	Regn 2008	Budsj 2009	Økonomiplan		
						2010	2011	2012
Inntektsskatt	168,2	174	179	181,5	189,9	190	190	190
Rammetilskott inntektsutj.	19,6	19,5	20	16,5	18,9	19,5	20	20
Rammetilskott utgiftsutj.	80	88	90,5	90,5	106,2	107,5	107,5	107,5
Skjønn	1	1	1	0	5	5	5	5
Samla inntektssystemet	268,8	282,5	290,5	288,5	320	322	322,5	322,5
Eigedomsskatt	100	105	106	105	106	108	111	111
Momskompensasjon drift	7,7	13	13	12,8	13,5	13,5	13,5	13,5
Momskompensasjon investering	12,6	13	13	19,5	12	8	6	6
Andre rammetilskott	5,2	6	6	6,4	7	7	7	7
Andre rammetilskott	25,5	32	32	38,7	32,5	28,5	26,5	26,5
Skatt og rammetilskott	394,3	419,5	428,5	432,2	458,5	458,5	460	460
Resultatområda:								
Driftsutgifter	-550,9	-576,3	-587	-607,6	-597,2	-597,2	-597,2	-597,2
Driftsinntekter	175,9	175,4	180	209,4	177,6	177,6	177,6	177,6
Avsatt fond	-7,5			-2				
Bruk fond	4,6			4,1				
Økonomiplan 2008 - 2011						-2,8	-2,8	-2,8
Nye driftstiltak i øk.plan 09-12					-8,5	-7,2	-4,8	-4,6
Driftsinnsparingar 10 - 12						8	14	17
Netto budsjetttrammer	-377,9	-400,9	-407	-396,1	-428,1	-421,6	-413,2	-410
Brutto driftsresultat	16,4	18,6	21,5	36,1	30,4	36,9	46,8	50
Renteinntekter	8,6	7,5	9	11,3	9	9	9	9
Aksjeutbytte/renter Haugal. Kraft	11	11	11	11	11	11	11	11
	19,6	18,5	20	22,3	20	20	20	20
Renteutgifter eldre lån	-17,6	-19,7	-23,5	-23,4	-23,7	-22,8	-23	-22
Renteutgifter nye lån		-2	0		-2,9	-5	-5,5	-7

	Regn 2007	Budsj. 2008	Progn 2008	Regn 2008	Budsj 2009	Økonomiplan		
						2010	2011	2012
Samla renteutgifter	-17,6	-21,7	-23,5	-23,4	-26,6	-27,8	-28,5	-29
Avdrag eldre lån	-12,7	-13	-15	-16,4	-17	-17	-17	-17
Avdrag nye lån		-2	0		-1	-2	-3	-4
Samla avdrag	-12,7	-15	-15	-16,4	-18	-19	-20	-21
Netto kapitalutgifter	-10,7	-18,2	-18,5	-17,5	-24,6	-26,8	-28,5	-30
Netto driftsresultat	5,7	0,4	3	18,6	5,8	10,1	18,3	20
Gjeldande økonomiplan					7	9	18	18
Bruk av driftsresultat:								
Avsett fond	-0,2			-3	-0,8	-2,1	-8,2	-10,1
Bruk av overskott 2006	1,9							
Avsett investeringar momskomp.					-3	-4	-4,5	-6
Avsett investeringar frå drift	-7,2	-0,4	-1	-2,2	-2	-4	-5,6	-3,9
Samla bruk av resultat	-5,5	-0,4	-1	-5,2	-5,8	-10,1	-18,3	-20
Overskudd	0,2	0	2	13,4	0	0	0	0

Skatt og rammetilskott

Samla for skattar og rammetilskott syner resultatet ei meirinntekt på 6 mill. kroner i høve til budsjett. Det er auka skattar som gjev den største auken. Sterk skattevekst fekk alle kommunar behalda i 2008, og dette er hovudårsak til at vi kjem godt ut dette året. Denne sterke veksten i skatt gav berre delvis reduksjon av inntektsutjamninga.

I inntektene ligg eigedomsskatt frå gasskraftverket inne med 9,8 mill. kroner. Klagen på fastsatt takst er framleis til handsaming ved inngangen til nytt år. Når dette ikkje er avklara, må nemnde inntekt seiast å ha uvisse knytt til seg.

Hovudårsak til stor vekst elles er her momskompensasjon investeringar. I høve til budsjett er auken på 6,5 mill. kroner. Stort investeringsvolum heilt mot slutten av året, gjev vesentleg inntekt her. Dette er ikkje inntekter som gjev grunnlag for auka driftsnivå, men bør vurderast avsett som styrka eigenkapital til investeringar. Inntekten skal i løpet av 4 år fasast heilt ut av driftsregnskapet, og blir da ført som inntekt i investeringsregnskapet.

Resultatområda

Tal i 1000 kroner

Resultatområda	Budsjett	Rekneskap	Resultat
Rådmannen sin stab	57 664	57 712	-48
Skule	133 857	132 887	970
Omsorg	63 080	61 738	1 342
Rehabilitering	73 531	70 781	2 750
Kultur	17 384	16 506	878
Kommuneutvikling	31 503	30 860	643
Barnehage	7 896	8 887	-991
Fellesutgifter	16 405	16 750	-345
Samla	401 320	396 121	5199

Resultatområda viser samla eit overskott på nær 5,2 mill. kroner etter avsetjingar til fond , og etter at det er finansiert med fond. Det er samla netto *utgiftsført til* fond 2 mill. kroner medan det er netto *inntektsført frå* fond 4, 1 mill. kroner. Store deler av sum avsett til fond er midler som er øyremerka,

og som da må setjast av til fond. I den løpande rapporteringa til kommunestyret er det skissert eit resultat i balanse fra resultatområda. Som tabellen syner er det stort sett positivt over heile linja.

På barnehage får vi eit underskott dette året. Dette har bakgrunn i at det var budsjettert med at nye barnehagar skulle setjast i drift hausten 2008. Det ville gi ein effektiviseringsgevinst på rundt 1 mill. kroner. Dette er også summen som blir underskottet i resultatområdet. Effektiviseringsgevinsten er da teke med fra hausten 2009.

Omsorg og rehabilitering har dei siste åra hatt ei krevjande drift, med underskott. Dette året kjem begge resultatområda ut med gode resultater. Årsaka er i hovudsak meirinntekter. Det er gjort ein god jobb med å identifisera utgifter, som kan gi statleg dekning til ressurskrevjande klientar. Det gjenstår å vurdere om dei inntekter som vi har for 2008, kan vidareførast til seinare år.


For øvrege resultatområpder vises det til årsmeldingane. I tillegg vil resultatene for det einskilde resultatområde, bli ytterlegare kommentert i samband med endeleg årsmelding, og til regnskapssaken til kommunestyret.

Renter og avdrag

På renter og avdrag får vi resultat som netto er 700 000 kroner betre enn budsjett, Meirutgifter på renteutgifter og avdrag, blir oppvega av meirinntekter renter. Siste delen av året gav spesielt plasseringane i obligasjonsmarknaden gode renteinntekter som var klart betre enn om dei var plassert i bank.

Driftsresultat

I siste rapport til formannskapet ved utgangen av oktober vart det lagt fram ein prognose som viste at det var rekna med at vi ville få eit sluttresultat for året på rundt 3 mill. kroner. Det er sjølv sagt positivt at vi får meirinntekter som gjev gode resultat. Vi får 10 mill. kroner meir enn budsjett med bakgrunn i spesielt to forhold: Resultatene frå resultatområda, og større momskompensasjon.



Bruk av driftsresultat

Det er sett av 3 mill. kroner av netto driftsresultat til fond. Dette er midlar utover dei avsetjingar som er gjort på resultatområda. Av dei nemnde 3 mill. kr. er det sett av 2,3 mill. kroner av midlane som kjem frå momskompensasjon investeringar. Dette gjeld momskompensasjon frå bygging av storhall. Bakgrunnen for avsetjinga er den uvisse vi hadde ved årsskiftet knyta opp mot om vi fekk full momskompensasjon for investeringar til dette bygget.

Til investeringsføremål frå drift er det sett av 2,2 mill. kroner. Dette er meir enn budsjettert sum på 1 mill. kroner. Den største posten (819 000 kroner) utover budsjett, er eigenkapitalinnskott KLP, som vi må dekkja opp via overføring frå drift.

5.3 INVESTERINGAR

Samla er det investert for 141,5 mill. kroner i 2008. Dette er det største investeringsåret i Tysvær si historie, der spesielt ny skule gav høge investeringsutgifter. I hovudsak er investeringsprosjekta gjennomført innanfor finansieringsplan. Men det er prosjekter som har overskridingar, og som det må finnast inndecking for ved fastsetjing av regnskapet for året.

5.4 LÅNEGJELD

Kommunen si lånegjeld er ved årsskiftet på 445,6 mill. kroner; tilsvarande ved forrige årsskifte er på 416,6 mill. kroner, auken er på 29 mill. kroner. Då er det framleis eit budsjettert låneopptak til inndecking av investeringar budsjettert i 2008, som ikkje er gjennomført. Lånegjelda blir målt i høve til samla driftsinntekter i kommuner – dette skal gjenspegla vår evne til å betala avdrag og renter som konsekvens av lånegjelda. For 2008 er lånegjeld i % av samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter (664 mill. kroner) på 67 %. Dette er stabilt nivå, men det er relativt høgt ved samanlikning andre kommunar i Rogaland.

5.5 OPPSUMMERT ØKONOMI 2008

Eit rekneskapsoverskott på 13,4 mill. kroner er bra, men størstedelen skriv seg frå mellombels høge inntekter frå momskompensasjon. På resultatområda er det store utfordringar, men det er likevel god økonomistyring. Dei avvik som blir lagt fram er meldt tidleg i året, og blir grunngeva i perioderapportering til kommunestyret. I høve til dei store budsjettsummar som vår drift krev, er avvika i høve til budsjett innanfor akseptable rammer, når det kan gjevast sikker grunngeving for det resultatet som blir lagt fram.

Investeringane er i hovudsak i samsvar med den finansieringsplan som er lagt. Både på byggsida og på anleggsida blir det utført eit godt arbeid med investeringsprosjekta, men med så store investeringsvolum er god oppfølging av prosjekta vesentleg. Omfang av prosjekt, og med det for lite oppfølging, kan vera grunnen til at det er budsjettavvik på eit par av investeringsprosjektene.

6 RÅDMANNEN SIN STAB SAMLA

6.1 ØKONOMISKE RESULTAT FOR RÅDMANNEN IN STAB SAMLA

	Regnskap	Buds(end)	Forbruk
Rådmann	4 412	3 495	126%
Assisterande Rådmann (inkl.politisk verksemd)	4 224	3 771	112%
Kommunalsjef	857	837	102%
Personalkontor	7 565	7 446	102%
Samfunnsmedisin	764	747	102%
HMS - teneste	696	711	98%
SLT - Koordinator	472	489	96%
Flyktningkoordinator	-3 372	-2 678	126%
Interkommunalt barnevernsamarbeid (BAS)	0	0	0
PPT	3 581	3 567	100%
Barneverntenester	7 762	7 633	102%
Fellessekretariat	5 466	5 922	92%
Økonomikontor	6 593	6 920	95%
Landbrukskontor	2 874	3 133	92%
Servicetorg	3 810	3 918	97%
IT-Kontor	12 034	11 752	102%
TOTALT	57 738	57 664	100

Merknad: Tala er førebels pr 05. februar 2009. Avsetjingar til bunde fonds eller øyremerka midlar er gjort, medan andre søknader om avsetjingar vert å vurdere i samband med politisk handsaming av rekneskapen for 2008.

Rådmannen: Det er ikkje brukt midlar frå næringsfondet i 2008, grunna mindre utgifter til føremålet enn budsjettet. Meirforbruk her er rekneskapsføring av nyoppretta stilling som bustadkoordinator.

Personalkontoret : Her er både meirutgifter og meirinntekter. Meirutgiftene er i hovudsak avtalefesta pensjon, interne overføringar (*bedriftsintern attføring*), velferdstiltak tilsette, annonsar og utgiftsføring av eit pågåande prøveprosjekt med leasing av skomatter.

Landbruk: 2008 var siste året med kommunal landbruksvikar. Ordninga vart avvikla juni/juli 2008, og overført til Haugaland avløyarslag. To skogsarbeidarstillingar blei overført frå landbruk til res.området kommuneutvikling i 2008.

HMS kontoret kjøper no tenester eksternt tilsvarande budsjetttramma for ansvaret.

Flyktningkoordinator: Integreringsstønad er rekneskapsført under ansvar 1045 - flyktningkoordinator. Ansvaret har *mindreutgifter* på kr 3 372 000 -, som i hovudsak er mindreutgift på introduksjonsstønad (*fleire over i arbeid*) og meirinntekter på kr 797 000.- integreringstilskot. Det gjeld etterslep av mottak, samt 2 familiegjenforeiningar. Det er gjort avsetningar til bundne fonds, i hovudsak er dette øyremerka helsepengar.

BAS er saldert til null ved debitering av bunde fond.

Barneverntenesta har hatt stor auke i talet på saker, likevel er netto meirforbruk marginalt, kr 130 000.- I tillegg er det eit etterslep frå 2008 på om lag 200.000,- for statlege tiltak som vil bli rekneskapsført i 2009. Det er brukt betydeleg meir til andre type hjelpetiltak, hovudsakleg då til tiltak for heimebuande barn. Det har og vore inne betydelege forsterkningstiltak i mange saker der barn er plassert i fosterheim. Dette har utløyst statleg refusjon i to saker.

Fellessekretariatet har mindreutgifter, noko skuld vakanser. Planlagte innkjøp i 2008 er utsett til 2009, og leiar vil be om avsetjing av mindreutgift til fond.

Økonomikontoret har mindreutgifter som i hovudsak skuldast vakansar. Med bakgrunn i dette er bruk av overtid endel over normalt. Husbankmidlane administrerast her, og det vart utbetalt eller gitt tilsagn om tilsaman kr 1 292 000 i bustadtilskot i 2008, *jf. tenestedata*.

Servicetorget står m.a. for utbetalingar til ulike trussamfunn. Posten kom i 2008 ut med ein minus på kr 58 000, som skuldast at talet på tilskottsberettiga i kommunen er aukande.

IT-kontoret sitt meirforbruk er marginalt i høve det som er varsla i rapporteringar. Meirforbruket er på kopieringsavtalar, reparasjonar og bruk av konsulenttenester.

6.2 FELLESEKRETARIAT

6.2.1 Tenester

Fellessekretariatet har ansvar for

- Tysvær kommune sine arkiv,
- sekretariat for kommunestyret, dei politiske utvala og ordførar
- støttefunksjonar for administrativ leining, resultatområder og stabar.

I 2008 var også overformynderiet ein del av fellessekretariatet.

Overformynderiet har hatt 10 møter og behandla 34 saker.

Det er registrert ialt 102 brukarar herav 44 umyndige. Overformynderiet fører rekneskap for 45 brukarar og har ansvar for 48 hjelpeverge- /vergerekneskap.

Frå 1.1.2009 er overformynderiet overført til økonomiavdelinga.

6.2.2 Resultatvurdering

Hovudmål –	Status måloppnåing
Fortsette å tilby kurs i ePhorte.	30 personar har deltatt i ePhortekurs i året
Ajourhald av kommunen sin beredskapsplan.	Ajourført tidleg hausten 2007. Ny ajourføring starta på slutten av 2008, med sikte på full oppdatering 1. kvartal 2009.
Utarbeide/ajourføre brannvernplan for rådhuset i Tysvær.	Brannvernleiar har fullført brannvernleiar kurs. Alle branninstruksar på rådhuset er oppdatert med oppnemning av brannansvarlege og stedfortredarar. Informasjon og gjennomgang av ansvar fullført januar 2009.
Arkivplan for Tysvær kommune	Arbeidet pågår i nettverksgruppe for Nord-Rogaland. Planen vil bli fullført våren 2009.
Etablere jamleg kontakt med kontorpersonele utanfor rådhuset (skulesekretærar, kontorpersonele ved omsorgsbasane osv.)	Det er avvikla to møter med skulesekretærene i løpet av 2008. I møtet i juni blei det, med bistand frå IKA Rogaland, fokusert på elevmapper. Arbeidsgruppe vart nedsett. Denne har hatt eit møte hausten 2008 og fortsett arbeidet i 2009.

6.2.3 Prioriterte oppgåver i 2009

I 2009 vil fellessekretariatet arbeide spesielt med

- å fullføre Arkivplan for Tysvær kommune,
- å fullføre oppdatering av Tysvær kommune sin beredskapsplan
- å starte forprosjekt for kartlegging og skanning av personalarkiv
- å etablere nærare kontakt med kontorpersonelet i basane i resultatområda rehabilitering og aktivitet og omsorg.
- å etablere nettverk med omkringliggende kommunar
- å avvikle stortings- og sametingsvalet i september

6.3 SERVICETORGET

6.3.1 Tenester

Publikumstilgangen var stor også i 2008, og det er fortsatt henvendingar knytta til resultatområdet kommuneutvikling som dominerer. Avdelinga er i dag godt bemanna på dette saksområdet .

Bemannings situasjonen er tilfredstillande, men servicetorget er særst sårbar i tenesteutøvinga ved fråvær og i sjukemeldingsperiodar. Dagleg leiar og web-ansvarleg inngår i ordinær vaktordning for at det heile skal "gå rundt". Det er derfor ei utfordring å rydde tid til prosjekt- og utviklingsarbeid.

6.3.2 Resultatvurderingar

Økonomibruken har vore i høve til budsjett med unntak av den årlege utbetalinga til trus- og livssynssamfunn, som gjekk i minus med kr 59 000. Tilskottssummen har stått uendra i budsjettet sidan 2004 medan tilskottsberettiga trus- og livssynssamfunn har auka..

Eitt mål for 2008 var brukarundersøking mot publikum. Det vart gjort i haust. Vi er godt nøgde med at brukarane våre gir sers gode tilbakemeldar på at dei får den hjelpa dei forventar i Servicetorget og at dei opplever å bli møtt på ein god og imøtekomande måte. Vår filosofi er likevel at vi kan alltid bli betre, og vårt motto er :”Vi strekkjer oss litt lenger”.

Arbeidet med nye nettsider går som planlagt. Nytt fagsystem/portalløysing for internett/intranett er kjøpt i samarbeid med Haugesund. Den nye portalløysinga skal driftast frå Haugesund etter lansering av internettssidene medio mars 2009.

Dagleg leiar har fortsatt økonomi- og personalansvar for reinhaldet/reinhaldarane på rådhuset. Dette ansvaret synest ikkje vera rett ressursbruk og bør snarast overførast til ein meir passende sektor for dette fagfeltet.

6.3.3 Mål og prioriteringar i 2009

Eitt mål i 2009 er å få fem stjerner i Direktorat for forvaltning og IKT (DIFI) si kvalitetsvurdering av offentlege nettsider. Vi har også som mål å komme i havn med nye intranettsider før sommarferien 2009. Dette skal betre kommunikasjonsflyten internt, og krev innsats frå alle involverte.

Kontinuerleg kompetanseheving av servicetorgteamet er ein naturleg følge av dei mange endringane av planar og regelverk i det offentlege. Ny plan og bygningslov i 2009 og nye tekniske føreskrifter er eksempel på dette.

Høg fagkompetanse og service i fokus i møtet med innbyggjarane er servicetorget sitt viktigaste mål også i 2009.

6.4 PERSONALKONTORET

6.4.1 Tenester

Personalkontoret har fortløpande stor etterspørsel etter sine tenester, dels i forhold til direkte støttefunksjonar i alt personalarbeid, og dels i forhold til å vera koordinerande verksemd i dei utallige rapporteringssystemene.

Personalkontoret held fram med kursorganisering, kontakt-og opplysningsarbeid i høve IA og pensjons- og trygdespørsmål. Her ligg også sekretærfunksjonar for arbeidsmiljøutvalet, sjukefråværsoppfølging. m.v. Det er stor aktivitet på alle frontar, og bemanninga er for låg i høve oppgåvene. Ved årsskiftet 2008/2009 er stilling som personalkonsulent med HMS-ansvar lyst ut.

Tysvær kommune er IA bedrift og ein ser i dag ein aukande tendens til behov for omstilling og omplassering av arbeidstakarar i ulike resultatområder. Personalkontoret har ei sentral rolle i dette arbeidet, og er jamnleg på samarbeids-/tiltaksmøter med NAV-arbeid og NAV-trygd for å koma fram til gode løysingar både for den einkilde tilsette og for kommunen. I samarbeid med NAV får kommunen til arbeidsutprøving, slik at tilsette kan prøva seg i nye oppgåver som dei kan mestra betre. Det er også mogeleg å gå inn på opplegg med yrkesrelatert omskolering/attføring. Det er ulike statlege tilskotsordningar kommunen kan nytta seg av til føremålet. Tysvær kommune har i 2008 mottatt ca. 1.5 millionar kroner i tilretteleggingstilskott.

Det er vedtatt ny seniorpolitikk høsten 2008 etter grundig prosess i organisasjonen.

Det er kommunestyrevedtak på å ta inn 12 lærlingar i året, og kommunen er godkjent lærebedrift innan fagområda helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar, institusjonskokk, kontorlag og IKT. Kommunen tok inn 13 nye lærlingar i 2008. Pr. 31.12.08 hadde kommunen 26 lærlingar.

Kommunen skal fortsatt halda fokus på rekruttering av lærlingar, spesielt innan helsefagarbeidarlaget og barne- og ungdomsarbeidarlaget. Dette blir eit viktig bidrag i kommunen sin rekrutteringspolitikk frametter, då det vil bli stor mangel på slik arbeidskraft.

6.4.2 Resultatvurdering

Hovudmål	Status måloppnåing
Ajourhold personhåndboka	Personalhåndboka har gjennom heile året fortløpande blitt ajourholdt med nye gjeldande rutiner og regelverk.
Kurs	Avvikla kurs: Kurs i Offentlighetslov Forvaltningslov Prosjektledelse Leiarkurs om nytt lovverk i samband med oppretting av NAV i Tysvær
Yrkesmessa	Tysvær kommune sine lærlingar har i 2008 profilert kommunen på Yrkesmessa i Tysvær
Kompetanseplanar	Nytt elektronisk rekruttering- og kompetanseverktøy er vurdert og innkjøpt. Prosjekt for å innføra systemet vert igangsett medio april 2009.
Rekrutteringsarbeid	Kommunalsjefen representerer Tysvær kommune i regionalt rekrutteringsprosjekt. Regionalt rekrutteringsprosjekt har i 2008 blitt brukt av kommunen til å skaffa arbeidskraft som det er særst vanskelig å rekruttera, til dømes ingeniørar, byggeleiar, helsefagarbeidarar osv.

6.4.3 Prioriterte oppgåver

Innføring av nytt elektronisk rekruttering- og kompetanseverktøy

Ajourføring av kommunen sitt arbeidsgivarpolitiske dokument fram mot 2020

Få på plass arbeidsdelinga innan PO-området mellom personalkontoret og resultatområda.

Konkretisera resultatet for PO-området etter stab/støtte gjennomgangen.

6.5 ØKONOMIKONTORET

6.5.1 Tenester

Økonomikontoret er i 2008 organisert i 3 einingar under økonomisjef - rekneskap/løn , skatt/innfordring og budsjett/innkjøp.

Økonomikontoret har som oppgåve å gi tenestar ut mot i hovudsak interne brukarar, men det er også utadretta oppgåver ut mot skattytarane gjennom innfordring av skattar, og mot innbyggjarane i form av innkreving av avgifter og betaling for tenester. Våre tenester som fellesfunksjon vil vera relativt lik frå år til år.

6.5.2 Mål og resultatvurdering

Generelt

Vår tenesteyting blir utfordra ved at vi har vakanser i stillingar. Det gjer at løpande driftsoppgåver må prioriterast framfor arbeid med rutiner og regelverk. Men vi meiner at økonomikontoret i hovudsak har kunna utføra tilfredstillande tenester intern og eksternt.

Skatteinnfordring

Det er innbetalt 752 mill. kroner i skattar mot 646 mill. kroner i 2007. Kommunen sin del av denne skatten er på 181 mill. kroner i 2008 mot 168 mill. kroner i 2007.

Arbeidsmessig har også 2008 vore prega av at nytt sentralt skattesystem er teke i bruk, med dei utfordringar det har ført med seg. Alle kommunar i landet har nå gått over til nytt skattesystem.

Startlån og bustønad

Husbankens sine virkemidler vert administrert under økonomikontoret. Kommunen har motteke 1,0 mill kroner i bustadtilskott til etablering og kr 200.000 i bustadtilskott til tilpassing av bustad.

Det er gitt tilsegn om *startlån* til 16 søkjarar på til saman kr 4.650.000. *Bustadtilskott til etablering* er gitt til 6 familiar *Bustadtilskott til tilpassing av bustad* er gitt til 4 familiar.

Bustønad:

Mellom 120 og 130 søkjarar får bustønad. Det er fleire søkjarar, men nokre får avslag utfra dei sentrale føresegner for kven som kan få bustønad. Det er kome nye reglar for tildeling av bustønad i 2009. Reglane skal gjelda frå 1.7.2009.

6.5.3 Prioriterte utfordringar og mål

Økonomikontoret har utfordringar i forhold til tydeliggjering av rutiner og reglementer. Her må det gjerast ein jobb på å få dette på plass. Når dette arbeidet er gjort, må dette kommuniserast på ein god måte ut i organisasjonen. Styrka arbeid med økonomiinformasjon og undervisning ut mot brukarane er ein løpande prosess.

Budsjettprosessen er under revurdering frå oppstart til ferdig trykket dokument. Det vil bli arbeid med denne prosess både administrativt og politisk, også med innføring av nye dataverktøy.

Økonomikontoret er i byrjinga av 2009 i slutfasen i arbeidet med den interne organiseringa. Målet er å få ein tydelig organisering av dei ulike oppgåvene som økonomikontoret er sett til å utføra. Eit sentralt punkt vil vera ein styrka innkjøpsfunksjon. I samband med denne interne omorganiseringa, vil vi søkja å styrka økonomifunksjonen ut mot resultatområda gjennom tilsetjingar i ledige stillingar.

Skatteoppkrevarfunksjonen som har vore tillagt økonomisjef, vil frå 1. januar 2009, bli endra til eigen fagfunksjon, administrativt underlagt økonomisjef.

6.6 BARNEVERN

6.6.1 Tenester

Barneverntenesta si hovudmålsetting er heimla i Lov om barneverntjenester § 1-1:

”Å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.”

Arbeidet ved barneverntenesta har i 2008 vore prega av at ein i løpet av 2007/tidleg 2008 hadde stor utskifting i personalgruppa.

Tendensen i 2008 har vore at talet på nye saker har auka kraftig samtidig med at det framleis er stor kompleksitet i både nye og eksisterande saker. Utfordringane i sakene er som tidlegare:

- Barn som bur saman med alvorleg psykisk sjuke og rusbelasta foreldre
- Foreldre som ikkje klarer å samarbeide om barna etter samlivsbrot
- Ungdom som utviklar ulike typar av alvorleg adferdsproblem
- Hjelp og tiltak for barn i flyktningfamiliar

Arbeidet i barneverntenesta føregår på to plan:

Førebyggjande: All innsats som vert sett inn for å hjelpe barnet / familien før det er aktuelt å plassere barnet utanfor heimen. (eks. råd og rettleiing, plass i barnehage / SFO, besøks / avlastningsheim, støttekontakt, miljøarbeidar i heimen, omfattande oppfølging av andre slag.)

Omsorgstiltak: Barnet blir plassert utanfor heimen med oppfølging frå barneverntenesta både av barnet / fosterheimen og for å setje foreldra i stand til å få omsorga tilbake for barnet, ev ivareta samvær/kontakt mellom barn og biologiske foreldre.

I tillegg har ein fokus på tverrfagleg arbeid saman med andre som yt tenester for barn og deira familiar. I løpet av 2008 er det etablert eit tverrfagleg utgreiingsteam – TUT som og barneverntenesta deltek i. Ein deltek framleis i Tverrfaglege team samt at ein har ein del fellessamtalar med andre

tenester for blant anna å kartlegge barns omsorgssituasjon, familien/barnet sine behov for hjelp og for å informera foreldre og barn om kva barneverntenesta kan bidra med mv.

6.6.2 Resultatvurdering

Mål	Vurdering
<p>Gjennom samarbeid og godt fagleg arbeid etablere kontakt med barn og barnefamiliar som treng hjelp på eit tidlegast mogeleg tidspunkt.</p> <p>Gi rett hjelp til barn og barnefamiliar som treng hjelp.</p>	<p>I 2008 mottok barneverntenesta melding om <i>121 barn som levde under forhold som kunne skade deira helse og utvikling. Dette er ein fordobling frå 2007.</i></p> <p>Om lag 100 barn har mottatt tiltak frå barneverntenesta i løpet av året. I tillegg kjem dei sakene som er avslutta etter undersøking.</p> <p>Det er ved utgangen av året <i>11 barn som er under omsorg</i> av Tysvær kommune/bur utanfor foreldreheimen. Desse bur i fosterheim, eller institusjon.</p> <p>Barneverntenesta har i løpet av 2008 hatt ei stor auke i nymeldte saker. Det har vidare vore mange av dei sakene ein har vore inne i over tid der det har vist seg at det er behov for meir hjelp. Barneverntenesta har ikkje greidd å absorbera denne auken i saksmengde/arbeidsmengde. Dette medfører at det er barn og familiar som ikkje har fått den naudsynte hjelpa dei treng tidleg nok. Dette viser seg ved at ein ikkje greier å halda lovpålagte fristar i undersøkingssaker. Ein slit med å få sett i gang tiltak så raskt som ønskeleg. Ein greier heller ikkje å få på plass lovpålagte tiltaksplanar i alle saker. Fylkesmannen hadde tilsyn med kommunen i 2008 og påpeikte blant anna manglande tiltaksplanar.</p> <p>Gjennom statlege føringar er det lagt vekt på at <i>meir hjelp skal gis i barnet og familien sitt nærmiljø</i>, og at barneverntenesta skal inn på eit tidlegast mogeleg tidspunkt. Dette er føringar som barneverntenesta i Tysvær og føl opp. Barneverntenesta konstaterer at dette ikkje alltid er tilstrekkeleg. Det er derfor sannsynleg at ein vil få fleire saker der ein må plassera barn og ungdom i fosterheim/institusjon i året som kjem.</p> <p>I løpet av året har det vore 7 ungdommar over 18 år som har mottatt ulike former for hjelp og oppfølging frå barneverntenesta. Ein ser at det for <u>nokre</u> av desse ungdommane vil vera behov for hjelp langt ut over den tid det er aktuelt for barneverntenesta å vera inne i saka. Vi ser at det kan vera behov for miljøtiltak/oppfølging for denne gruppa utover i vaksen alder.</p>
<p>Auke kapasitet i barneverntenesta</p>	<p>Ved utgangen av 2008 er det 4,6 fagstillingar (inklusiv barnevernleiar og fagleiar) som saksbehandlarar i barneverntenesta. Ved budsjettbehandling har ein fått ein stillingsheimel i tillegg. Dette er særskilt påkravd. <i>Det er likevel ikkje slik at ein stilling er tilstrekkeleg til å ta opp i seg ei dobling i arbeidsmengde.</i> Utviklinga i saksmengde må følgjast nøye i 2009. Dersom auken i 2008 viser seg å halda seg og i 2009 vil ikkje auken i ressursar tilført barneverntenesta (1 ny stilling) vera tilstrekkeleg til å gjer dei oppgåvene tenesta er sett til.</p>
<p>Haugaland interkommunale barnevernsamarbeid (BAS)</p>	<p>Over ein lengre periode har dette samarbeidet nå vore til vurdering. Det vert på tida gjennomført ei utgreiing i forhold til å etablere eit interkommunalt barnevernsamarbeid etter vertskommuneprinsippet. Det vil ev bli fremja eiga politisk sak om dette. Blant dei tilsette i barneverntenesta er det ulike synspunkt på om det er rett å velje ei slik løysing.</p>
<p>Auke den økonomiske ramma , slik at det er mogleg å gi barn og barnefamiliar som har behov for det, naudsynt hjelp</p>	<p>Det er i 2008 brukt i overkant av 7.76 millionar netto på barnevern. Dette er om lag kr 130.000,- meir enn budsjettet. I tillegg kjem eit etterslep på statlege tiltak i 4.kvartal 2008 som vil bli regnskapsført i 2009 på anslagsvis 200.000,- Dette er likevel noko mindre enn ein frykta tidlegare i året. Auken i saksmengde i 2008 vil sannsynlegvis gje betydelege økonomiske utslag i 2009. Det vil her vera viktig at ein får</p>

Mål	Vurdering
	auke i budsjettet for å få sett inn tiltak tidleg slik at ein unngår større vanskar for den einskilde familie/barn på eit seinare tidspunkt. Meirforbruket kan i hovudsak knytast til direkte førebyggjande tiltak retta mot barn og barnefamiliar.
Samarbeidsprosjekt med BUFETAT - Miljøarbeidarprosjekt	Det blei i 2007 innleia eit samarbeidsprosjekt med BUFETAT omkring auka innsats inn mot barn og barnefamiliar der ein stod i den situasjonen at barn var i ferd med å måtte flytte ut av familien. Dette prosjektet vart våren 2008 avslutta. Prosjektet er vidareført i regi av kommunen med ein miljøarbeidar tilsett. Ein har til nå hatt gode erfaringar med denne omlegginga. Ein ser at ein kan yta nødvendig hjelp til barn og ungdom og deira familiar på ein fleksibel og endringsretta måte. Prosjektet vil bli evaluert sommaren 2009.

6.6.3 Prioriterte oppgåver og mål

- Halde lovpålagte fristar i barnevernlova
- Etablere kontakt med barn og barnefamiliar som treng hjelp på eit tidlegast mogleg tidspunkt.
- Vidareutvikle barnevernet sin deltaking i tverrfagleg samarbeid
- Få sett av tilstrekkelege økonomiske midlar slik at barn og barnefamiliar får rett hjelp til rett tid.
- Setje fokus på tverrfagleg samarbeid/tiltak rundt *ungdom treng hjelp utover 18 år*.

6.7 PPT- KONTORET

6.7.1 Tenester

PPT sine arbeidsoppgåver er knytt til Opplæringslova § 5.6 med todelt arbeidsfelt;

hjelp skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling knytt til spesialpedagogiske områder

sakkunnig vurdering der lova krev det.

PP-tenesta har i 2008 hatt eit svært aktivt år, med mange oppgåver knytt til arbeidet med kompetanseheving og organisasjonsutvikling og oppgåver knytt til sakkunnig uttale. I tillegg har PPT delteke i tverrfagleg samarbeid omkring barn og unge med særlege behov.

Ved årsskiftet hadde PP-tenesta 362 saker. Det er ei auke på 25 saker. I 2008 blei det tilmeldt 108 nye saker. Dette er nokre fleire enn det som er vanleg. I tillegg har færre saker blitt avslutta. Dette har ført til ei auke i arbeidsmengd. Det kan vera fleire årsakar til dette, men ein registrerer at tiltaka som vert sett inn kring barn med §5 tiltak varer lengre i tid no enn tidlegare.

I 2008 har PP-tenesta satsa vidare på å utvikle arbeidet med kompetanseheving i skulane, m.a. har ein halde fram med det omfattande kompetansehevingsprosjektet **PALS**, blant anna knytt til *klasseleiing og til forebygging av åtferdsvanskar*. Ein av dei tilsette ved PPT er snart ferdig utdanna PALS instruktør og har hovudansvaret for rettleiing til dei tre skulane som har innført PALS ved sin skule. PALS-arbeidet legg no beslag på 60% stilling ved PPT-kontoret. Det er ikkje tilkomme PPT auka ressursar for dette arbeidet. I tillegg har PPT saman med Statped Vest starta eit *pilotprosjekt innan ADHD problematikk*. Prosjektet har namnet **FOKUS** og er knytt til barnehagane. Prosjektet er eit forskingsprosjekt med det for auga å lage ein observasjonsguide til bruk ved avdekking av ADHD vanskar.

PP-tenesta har også i 2008 arrangert fleire nettverk, deriblant nettverk for åtferdsrettleiarar, leik-nettverk, nettverk for lærarar som arbeidar med barn med omfattande hjelpebehov. Vidare har PPT vore vertskap for *prosjektstilling innan rusproblematikk og utgreiing av kommunen si satsing innan dette feltet*. I 2009 blir dette prosjektet finansiert av Rogaland A-senter, der PPT er ei av målgruppene.

Skulekontaktrressursen ved skulen er blitt godt nytta. Skulane er kome ulikt i dette arbeidet, men PPT registrerer at ein ved fleire skular ved hjelp av skulekontakten klarar å *gje elevar tidleg hjelp*.

Det er ei jamn auke i tilmeldte saker til PPT. Barna som vert tilmeldt vert stadig yngre. Dette tyder på at den kompetanseheving som er gjort fører til auka kompetanse og innsikt i fagfeltet. I tillegg er det ein tendens at vanskeområdet vert meir utfordrande og samansette. Dette krev mykje tid og ressursar

og behov for spisskompetanse. PPT har i 2008 klart å halde ventetida for nytilmeldte nede, men registrerer at ein vil måtte rekne med ei ventetid på om lag 3 mnd innan juni dersom mengda tilmeldte fortset i same mengde.

PPT driv mest med lovpålagte tenester. Det er eit stort behov for veiledning og oppfølging. Dette er ei oppgåve som PPT finn som naturleg, men på grunn av manglande ressursar må ofte dette prioriterast bort i og med at det ikkje alltid kan forsvarast som lovpålagt. Med den store auken i tenester det vert spurt om, ser ein behov for auka bemanning for å klare å gjera arbeidet slik lova krev det.

PPT vonar kommunen vil gjera alvor vedk ordning med psykologar som kan ha driftsavtale og samstundes kunne arbeide for kommunen, jfr budsjettvedtak. Det er grunn til å tru at dette ville vore ein styrke for det tverrfaglege arbeidet i kommunen. PPT har i dag ein avtale om innleige av psykolog.

6.7.2 Resultatvurdering

Mål	Vurdering
PP-tenesta skal tilby skulane faste dagar på skulen, skulekontakt-tid.	Dette arbeidet har fungert bra. Førtilmeldingsprosedyren vert fylgt.
PP-tenesta skal bidra til kompetanseheving i skulen slik at dei betre kan leggje til rette for elevar med særskilde behov.	PPT har mange parallelle prosjekt innan kompetanseheving og organisasjonsutvikling. PPT er ein aktiv bidragsytar i å yte kompetansen i barnehagar og skular innanfor det spesialpedagogiske feltet.
PP-tenesta skal syte for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering. Spes.undervisning skal vere for dei få. Talet på elevar med spesial undervisning i Tysvær skal vera under 5%	Det vert som oftast spurt etter sakkunnig uttale for dei elevane som vert tilmeldt. Ei utgreiing krev mykje ressursar og PPT brukar mykje tid på å utarbeide sakkunnig uttale. Slik PPT vurderer det, vert det svært vanskeleg å oppnå målet om at under 5% av elevmassen i grunnskulen skal få spesialundervisning. Skulane synes å ha for lite ressursar til å arbeide førebyggjande og med dei elevane som i dag kan vera i ei gråsone mellom <i>tilpassa opplæring</i> og spesialundervisning. PPT meiner difor at kommunen må sjå nærare på dette dersom det er ei overordna målsetting å ha §5 tiltaket på 5%. Tysvær opplever same tendens som resten av landet der fleire og fleire elevar har behov for spesialundervisning.
PP-tenesta skal saman med andre tenester i kommunen bidra til at barn og unge i familiar med behov for hjelp frå fleire tenester får den hjelpa dei treng.	Arbeidet i TUT teamet har vore svært vellukka. Mange familiar har allereie fått tidleg og god tverrfagleg hjelp. Kommunen er i startgropa på dette arbeidet, men det er PPT si oppfatning at dette arbeidet er nødvendig både med omsyn til brukarar og sett i høve til økonomi
Økonomistyring	PPT har i 2008 måtte la vera å gjera naudsynte oppgraderingar. Grunnen til dette har blant anna vore behov for ekstra ressursar til arbeid med implementering av PALS i kommunen og til utgreiing av enkeltsaker.

6.7.3 Prioriterte oppgåver og mål

- PPT vil i 2009 prøve å utvikle skulekontakten. Dette vil kreve at ein legg om arbeidsprofilen, og PPT vil prøve ut dette på nokre skular for å hauste erfaring. PPT vil og forsøke å få i stand barnehagekontakt etter same lest som i skulen.
- PPT har godt kvalifiserte medarbeidarar. Det vert eit viktig mål å leggje til rette for fagleg utvikling slik at ein over tid finn arbeid i PP-tenesta interessant og spennande. Deriblant ligg mulighet til vidareutdanning, noko som kommunen alltid vil ha behov for.
- Fokus på tverrfagleg samarbeid
- Vidareutvikle PPT sitt arbeid i høve til lovverk og tverrfagleg innsats

6.8 IT-KONTORET

6.8.1 Økonomi.

IT-kontoret har for 2008 eit meirforbruk på drift på kr 282 000 i 2008. Allereie i desember 2007 varsla IT-kontoret at ansvar 1510, teknisk drift ville få eit meirforbruk for 2008 på rundt 1 500 000 i høve til kostnader som ein allereie då visste ville koma, og meirforbruket har blitt 1 380 000. Likevel har ein greid å redusera kostnader på 1500 og 1520, noko som gjer at *det samla meirforbruket vart redusert til kr 282 000*. Ein har eit *underforbruk på 615 000 på investering*.

Vesentlege avvik på kontonivå driftsbudsjett:

	Rekneskap	Budsjett	Årsak
Datasamband	1 501	1 340	Vesentlege meirkostnader i forbindelse med overgang til ny kommunikasjonsløyising
Telefoni trafikk	558	310	Vesentleg meir ringing til mobil, og nye tenester (einingar)
Kopiering	989	649	Vesentleg meir kopiering i einingane, samt nye tenester
Reparasjonar	464	200	Stor utstyrmengde, gir fleire reparasjonar enn før
Konsulenttenester	1 331	914	Store tekniske utfordringar, særskilt i høve til skulane

6.8.2 Tenester.

IT-kontoret har i 2007 gjort det som er mulig for å gi resultatområda så gode tenester som mogeleg innafor gitte budsjetttrammer. I det alt vesentlege gjer IT-kontoret gode tenester.

6.8.3 Resultatvurdering

Hovedmål – IT	Status måloppfølging
Syte for at teknologien er framtidretta og fleksibel . Halde serviceleveranseavtalen	Vi meiner framleis å vera på høgda med utfordringane Ein har lagd ein serviceleveranseavtale
Arbeida strukturert med budsjettamma og bemanningssituasjonen	Bemanninga på drift er for låg til å kunne gje naudsynt oppfølging til resultatområda, og ein må prioritere sterkt.
Gjennom planretta innkjøpsarbeid og samarbeid med nabokommuner å redusere kostnadsnivået .	

6.8.4 Prioriterte utfordringar og mål

Syte for ei mest mogeleg god, stabil og teneleg IT-teneste ovenfor resultatområda og dei andre stabsområda.

6.9 HMS – TENESTE

Tysvær kommune si HMS - teneste har vore ubemanna i heile 2008. Ein har i staden hatt avtale med Norsk Bedriftshelseteneste AS . Selskapet har vore representert i Sjukefråværsgruppa og har møtt ved behov i AMU. Selskapet har i 2008 gjennomført vernerunder på ulike arbeidsplassar. Frå 01.01.09 er det inngått ny avtale med Haugaland HMS-senter om kjøp av lovpålagte HMS-tenester.

Personalkontoret har starta prosessen med tilsetjing av ny personalkonsulent som skal ha ansvar for HMS-området og deler av støttefunksjonane innan personalområdet opp mot resultatområda. Organisatorisk blir såleis HMS-støttefunksjonen knytta til personalkontoret. Den nye personalkonsulenten blir kommunen sin kontaktperson i høve til Haugaland HMS-senter.

6.10 FLYKTNINGKOORDINATOR

6.10.1 Økonomi

Ansvar Flyktningkoordinator gjekk med overskot kr. 730 000 - i hovudsak grunna postane

- Mindreutgifter til introduksjonsstønad da fleire av deltakarane har vært i arbeid, underforbruk grunna bruk av telefontolk i stedet for oppmøtetolk.
- fritak foreldrebetaling barnehage /SFO, underforbruk , pga busetting av einslige og foreldre som har slutta i introduksjonsprogrammet.

Kommunen har fått meir i integreringstilskott enn budsjettert, dette grunna etterslep fra 2007, ekstra familiegjenforening samt motteke full kvote med flyktingar for 2008.

6.10.2 Tenester

I 2008 har det kome 10 vaksne nye flyktingar til kommunen og 6 barn. I tillegg har kommunen tatt imot 2 familiegjenforente. Det har gjennom året vore hovedfokus å sikre flyktingane eit introduksjonsprogram/ kvalifisering i samsvar med lovverket. *Vi har klart å sikre alle som har kome eit fullverdig introduksjonsprogram.* Dette har vore mogleg fordi vi har lukkast med tverrfagleg samarbeid internt og eksternt, dyktige fagfolk og tett oppfølging av dei einskilde deltakarane. Samtlige flyktingar er busett i tilfredstillande bustader. Bustadspørsmål og busetting krev mykje av tenesteapparatet.

6.10.3 Resultatvurdering

HOVUDMÅL	STATUS MÅLOPPNÅING
Mottak av 18 flyktingar jfr. kommunestyrevedtak	11 vaksne og 7 barn. Gruppa består av 4 familiar og 5 einsele vaksne menn.
Kvalifisering av flyktingane fram mot økonomisk uavhengig gjennom introduksjonsprogram, heilårleg og på full tid.	I 2008 har 28 vaksne personar deltatt i introduksjonsprogrammet i regi av Tysvær opplæringscenter og flyktingkoordinator. 4 personar har flytta fra kommunen og 2 har gått over i lønna arbeid. 3 personar har gått fra introduksjonsprogrammet over i kvalifiseringsprogram.
Tverrfagleg samarbeid	Det etablerte tverrfaglege samarbeidet internt fungerer godt.
Interkommunalt samarbeid	Tysvær kommune deltar aktivt i interkommunalt samarbeid vedrørende flykting/integreringsarbeid. Gjennom konkrete prosjekt har nye samarbeid på tvers av fagområde og forvaltningsnivå internt og eksternt blitt etablert. Familielæring er etablert.
Fremme inkludering og integrering	Kvinnegruppe og svømmeopplæring vart gjort obligatorisk for introduksjonsdeltakarane. Familielæring i skole og barnehage er ein del av introduksjonsprogrammet.

6.10.4 Nye utfordringar

- Skaffa fleire bustader / bygge nye bustader
- Formalisere samarbeidet med Fylkeskommunen når det gjeld fagopplæring for flyktingar/minoritetsspråklege.
- Vidareføre fagopplæring som del av introduksjonsprogrammet. Iverksette tilrettelagte kvalifiseringsløp i samarbeid med NAV og Fylkeskommunen
- Vidareføre metodikken med tett oppfølging av den enkelte introduksjonsdeltakar.
- Etablere praksisplassar/læringsplassar i kommunal regi innanfor ulike fagområde.
- Formalisere samarbeidet med grunnskulen når det gjeld integreringsarbeidet.
- Sikre gjennomstrømming i kommunale utleigebustadar. Legge til rette for at flyktingane i større grad får leige direkte av huseigar.
- Formalisere samarbeid med det private næringsliv rundt arbeidsinnvandring.

6.11 SLT-KOORDINATOR

6.11.1 Økonomi

Netto rekneskap syner eit overskot på ca. kr. 70.000. Ein har bede om at kr. 55.000 av desse blir overførde til SLT fond til bruk i kompetanseheving for samarbeidspartnarar og ungdomstiltak.

6.11.2 Resultatvurdering

Hovudmål	Status måloppnåing
Å hindre at barn og unge blir rekruttert til kriminelle og/eller rusbelasta miljø.	Koordinator har framleis ein god oversikt over ungdomsmiljøet og dei aller fleste ungdommar har ein atferd som ikkje kan knyttast til kriminalitet og rus. Koordinator har ved fleire høve sist år opptrådd som meglar og fått lagd avtale mellom klagar og innklaga, då dei ikkje har hatt ønske om å involvera påtalemyndigheta.
Saman med føresette, skule og andre hjelparar syte for at barn og ungdom får eit godt sjølbilete	MOT undervisninga i ungdomsskulen skal vere med å syte for dette og undervisninga er følgd opp etter planen. Likeeins er dette eit av hovudtema i dei føredrag koordinatoren held for foreldre både på barne og ungdomssteget.
Delmål	
I samarbeid med andre kommunale organ skal ein slå ned på tendensar til rasediskriminering.	Saman med kultursekretær på kulturkontoret og ungdomsskulane held ein fokus på dette området for å fremja gode haldningar
Videreføra fritidstilbod i alderen for dei i alderen 16 – 19 år	30-50 ungdommar nyttar seg av tilbodet om laurdagsopen fritidsklubb. Dei fleste her er elevar i 10. klasse og frå vidaregåande skule og det seier oss at me har "rett målgruppe. Fleire av ungdommane gjer også klar melding om at dei bruker tilbodet i staden for å gå på fest.
Tilbod til barn og føresette om råd og hjelp	Dette tilbodet blir ved einskilde høve på kvelds og nattetider når problem "veks over hovudet" på einskilde familiar. Tilbakemeldingane tyder på at brukarane av dette tilbodet er nøgde både med "strakstiltak" og oppfølging.
MOT på 7. trinn	9. klassingar v/Frakkgjerd ungdomsskule blei i januar 2008 kursa og i løpet av våren blei dei brukt til undervisning/besøk på 7. trinnet på dei "reine" barneskulane. Målet er å gjere overgangen frå barneskule til ungdomsskule minst mogeleg skremmande, samstundes som ein søker å lære inn gode haldningar hos borna. Dette var så vellukka at ein viderefører dette og utvider dette og til indre luten av kommunen.
Samarbeisfora: TUT Arbeidsutvalg SLT Politiråd	Samarbeidsrutinane på tvers av fagfelte synes nå å fungera sær bra frå SLT koordinators ståsted då det i 2008 blei oppretta TUT (tverrfaglig utgreiingstam) , politiråd og avklart hvilke profesjonar som skal sitja i SLT utvalet.

6.12.3 Prioriterte mål

Halda fokus på hovudmåla.

Plannlegga og iverksetta ungdomsundersøkelsen 2009

Jobba vidare med integrering av fleirkulturelle og haldningar mot rasediskriminering.

6.12 SAMFUNNSMEDISIN

6.12.1 Tenester

Opgåvene for kommuneoverlegen kan delast inn i følgjande avsnitt:

Miljøretta helsevern: Oversikt over og kontroll med alle faktorar som kan ha ein uheldig verknad på helsa vår.

Smittevern: Førebygging og behandling av smittsam sjukdom på eit samfunnsplan.

Medisinsk fagleg rådgjeving: Råd vedrørende saker som kan få helsemessige konsekvensar. Kommunelegen skal koma med slike råd både på førespurnad og uoppfordra. Jmfør kommunehelsetenestelova: "Kommunelegens tilråding og begrunnelse skal alltid følge saken når kommunen behandlar saker om miljørettet helsevern, smittsomme sykdommer og helsemessig beredskap."

Administrative oppgåver: Sakshandsaming, utarbeiding av planar og retningslinjer, ansvar for dagleg leiing og administrasjon av legevaktsamarbeid og liknande.

6.12.2 Resultatvurdering

Hovudmål 2008:	Måloppnåing:
<p>Miljøretta helsevern Arbeide for framhald av ulykkesførebyggjande arbeid i Tysvær kommune.</p> <p>Arbeide for eit interkommunalt samarbeid når det gjeld revisjonsarbeid innan miljøretta helsevern og folkehelsearbeid.</p> <p>Systematisere det kommunale arbeidet når det gjeld revisjon etter "Forskrift om miljøretta helsevern."</p> <p>Betra helseinformasjonen via helseportalen på Tysvær kommune sine internettsider.</p>	<p>Det er etablert faste ulykkesførebyggjande kampanjar: strøsand, stigeulukker, refleksbruk og drukningsulukker. Etablert aktivt samarbeid med Tysvær Næringsforum. Internettkommunikasjon er framleis ikkje komen i gang – mangler IKT-verktøy.</p> <p>Det interkommunale samarbeidet rundt Haugaland Miljøretta Helsevern har ikkje fungert optimalt på grunn av underbemanning.</p> <p>IK-helse er under utarbeiding men vert ikkje prioritert for tida.</p> <p>Helseportalen er ennå ikkje på plass – venter på ny programvare. Tysvær Bygdablad og dei ordinære internettsidene til Tysvær Kommune vert brukt fram til helseportalen er klar.</p>
<p>Smittevern</p> <p>Vedvarande revisjonar av smittevernplan i tråd med nye nasjonale føresegnar og retningslinjer.</p> <p>Informasjon innan smittevern i kommunale sider for intranett og internett.</p> <p>Arbeide for eit interkommunalt samarbeid via Haugaland Miljøretta Helsevern.</p>	<p>Smittevernplan med delplanar vert heile tida revidert i tråd med nasjonale endringar i lov og retningslinjer.</p> <p>Det vert informert om smitteverntiltak direkte til skular og barnehagar. Offentleg informasjon vert gjeve via media og Tysvær kommune sine internettsider.</p> <p>Det interkommunale samarbeidet via Haugaland Miljøretta Helsevern har fungert dårleg i 2008.</p>
<p>Medisinsk fagleg rådgjeving</p> <p>Innarbeide faste rutinar for høyringsuttaler til kom. planar som vedrører helsespørsmål.</p>	<p>Faste samarbeidsrutinar vil verta lagt inn ved neste kommuneplanrevisjon.</p>
<p>Administrative rutinar</p> <p>Utarbeide internkontrollsystem for legevaktsamarbeidet.</p> <p>Oppdatere gjeldande planverk innan medisinsk beredskap, krisepsykiatrisk samarbeid og lignende</p>	<p>Rutinar er ennå ikkje fullgode, men arbeides med.</p> <p>Kvalitetssikringssystemet "Trinnvis" er under opparbeiding ved Tysvær legevakt.</p> <p>Gjeldande planverk vert heile tida oppdatert. Det vert arbeidd med rutinar i høve til "Forskrift om krav til akuttmedisinsk samarbeid utenfor sykehus".</p>

6.12.3 Prioriterte mål for 2009:

- Videre styrking av kontorrutinar innan samfunnsmedisin.
- Få på plass rutinar og retningslinjer for medisinsk fagleg rådgjeving i ny kommuneplan.
- Betra helseinformasjonen via helseportalen på Tysvær kommune sine internettsider.
- Styrka det ulykkesførebyggjande arbeidet interkommunalt med utgangspunkt i Haugaland Miljøretta

- Helsevern. Fast samarbeid på heile Haugalandet om ulukkesførebyggjande kampanjar.
- Styrking av smittevernarbeid med base i Haugaland Miljøretta Helsevern.
- Kontinuerleg oppdatering av beredskapsplanar for Tysvær kommune. Betre samarbeidet med lokale verksemder, Helse Fonna og nabokommunar når det gjeld beredskapssamarbeid.

6.13 BUSTADFORVALTNING

Kommunen forvaltar 165 utleigebustader. Dette er trygdebustader, omsorgsbustader og kommunale utleigebustader (inkl innleigde private bustader for vidareutleige)

Utfordringar knytta til dette har vore:

- Mangel på bustader sett i forhold til behov
- Begrensa ressursar til oppfølging av bebuarar som treng dette p.g.a. sosiale forhold
- Begrensa ressursar til teknisk vedlikehald
- Ansvarsforhold og erstatningar ved ekstraordinær slitasje, skader på privat innleigde bustader påført av bebuar.

Universell utforming

Universell utforming er på alle måtar eit haldningsspørsmål. Nye lovar er vedtatt som sett nye og strengare krav om tilrettelegging for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Arbeidet i 2008 har vore å sette fokus på dette, m.a. gjennom det arbeidet som blir gjort i Kommunalt råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne.

Fairtrade

Kommunestyret har vedtatt at Tysvær kommune skal arbeide for å bli ein "Fairtradekommune". Det er i 2008 utført haldningsskapande arbeid ut mot den kommunale organisasjonen, bedrifter og lag /organisasjonar.

6.14 PRIORITERTE UTFORDRINGAR OG MÅL I RÅDMANNEN SIN STAB

Det visast til dei prioriteringar og mål som er sett opp under kvart stabsområde.

7 RESULTATOMRÅDET SKULE

Visjon:

Tysværskulen skal vere ein skule med kultur for læring, kunnskap, mangfald og likeverd!

Vedteken i strategiplanen for 2005-2008

7.1 ØKONOMI

	Rekneskap	Årsbudsjett m.endr.	Forbruk %	Avvik, kr
Br. driftsutgifter	152.851.000	152.250.000	100	-601.000
Br. Driftsinntekter	21.058.000	18.702.000	111	-2.357.000
Nt. Driftsutgifter	131.793.000	133.548.000	99	1.756.000

Hovudmål	Status måloppnåing
God økonomistyring	Oppsettet viser at økonomien er i balanse og at økonomistyringa er god. Skulekontoret og økonomikontoret har saman med skulane kontinuerlig fokus på dette.
Fleksibilitet og god ressurs utnytting	Noko av overskottet er øyremerka midlar i 2008 som enno ikkje er brukt. Det er ynskjeleg å kunna avsetta deler av overskottet til fond på kvar ein skule i høve til det dei har igjen på forbruk og reserveløn. For skulane er det svært gunstig å ha ein slik buffer. Det stimulerar til god ressursutnytting og økonomistyring og gjev høve til å spara opp til større innkjøp. Vi har svært god røynsle med denne ordninga.




7.2 TENESTER

Ansvar	Eining	Årsverk	Tilsette	Elevar
2100	Skulekontoret	3,4	4	
2105	Alternativ underv. (Sætre, Erland etc)	7,1	10	
2110	Førre skule	60,2	76	439
2111	Stegaberg skule	11,1	16	56
2112	Førland skule	17	24	73
2114	Tysværvåg barne- og ungdomsskule	47,2	53	310
2116	Grinde skule	34,1	44	206
2117	Straumen skule	15,6	22	77
2120	Nedstrand barne- og ungdomsskule	22,9	31	130
2121	Frakkagjerd ungdomsskule	50,1	59	321
	SUM elevar 1.- 10. klasse			1612
2125	Tysvær opplæringscenter	20,1	25	110
	SUM	288,8	364	

7.3 RESULTATVURDERING

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>Mål: Skular med kompetente, engasjerte og ambisiøse leiarar og lærerar. Tysvær kommune gir skulane nødvendig kompetanse</p> <p>Målet var å få fleire på vidareutdanning. Dette gjeld spesielt realfaga. Vi kom heller ikkje i gong med engelsk 30sp., men dette startar hausten 09 med 6 deltakarar frå Tysvær</p> <p>Etterutdanninga er gjennomført etter planane og måla ein hadde sett for desse.</p> <p>I hovudsak er det svært gode tilbakemeldingar på etterutdanningstiltaka</p>	<p>Kommunen har motteke kr 760 000 i statleg kompetansemidlar. I tillegg har vi nytta om lag same summen av eigne midlar. Skulane og skulekontoret har nytta omtrent like mykje.</p> <p>Midlane har vore nytta til fylgjande:</p> <p>Vidareutdanning: Vidareutdanning i matte 30sp 1 Vidareutdanning i naturfag 30sp. 1 Vidareutdanning utdanningsval 60sp. 1 Vidareutdanning tysk 60sp 3</p> <p>Etterutdanning: Etterutdanning for skuleleiarar: 3 dagar 18 Interkommunal fagkursdagar 28.01 180 Interkommunal kursdag om individvurdering 22.09 180 Utdannings- og yrkesretteiing 60 Entreprenørskap 3 Pedagogisk bruk av IKT 180 Spes.ped programvare – I-bruk 20 Bruk av lokalt eigenvurderingssystem 180 Førebygging av åtferdsproblem/klasseleiing 20 Utdanning av skulevurderarar 9 Ymse nettverk (lesing, tungt funk.h.)</p> <p>Deltakarar:</p>
<p>Mål: Tysvær kommune vil skapa kvalitets-utvikling gjennom vurderingssystem, tilsyn og støtte § 13-10. <i>Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.</i> <i>Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.</i> <i>Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.</i></p>	<p>Skulekontoret har gjennomført DIALOGMØTE på alle skulane for 3. året. Målsettinga er å skapa kvalitetsutvikling gjennom dialog og refleksjon. I etterkant får det pedagogiske personalet samla tilbakemelding frå skuleeigar med påfylgjande ordskifte.</p> <p>I tillegg har skuleeigar utvikla eit digitalt system for eigenvurdering og opplegg for eksternvurdering. Dette har skjedd i samarbeid med kommunane i Nord Rogaland og då spesielt Haugesund. Et ledd i dette er utdanning av skulevurderarar. Til dette har vi nytta dei fremste ekspertane på skulevurdering frå England. (Peter Earley, Sara Bubb og John McBeth) Vi har til nå gjennomført 3 eksterne vurderingar i Tysvær. Målet er at skulane får ekstern vurdering kvart 4. år .</p> <div data-bbox="662 1534 1396 1960" data-label="Diagram"> <p style="text-align: center;">ÅRSHJUL FOR KVALITET I TYSVÆRSKULEN</p> </div>

LÆRINGSUTBYTTE

Område/mål/vurdering	Resultat/måloppnåing																																				
<p>LÆRINGSUTBYTTE Mål: Tysværskulen skal vere blant dei beste i landet. Læringsutbyttet skal vere over landssnittet.</p>	<p>Eksamensresultat Når det gjeld eksamensresultat låg vi 2006 over landssnittet i matematikk, på landssnittet i engelsk og litt under i norsk. Dessverre er ikkje seinare resultat tilgjengelege på Skoleporten. Dette har vi etterlyst hos Utd.direktoratet Vi satsar nå på auka engelskkompetansen på barnetrinnet. Vi har også stort fokus på tidleg innsats når det gjeld lesing og skrivning. Vi reknar med at dette vil gje resultat på sikt.</p>																																				
<p>Nasjonale prøvar 2008 8. klasse</p> <p>Vi ligg under landssnittet både på engelsk, lesing og rekning. Viser til at vi satsar på auka engelsk kompetanse og tidleg innsats spesielt når det gjeld lesing. Skulane har variable resultat</p> <p>Skulane og skuleeigar analyserar og har refleksjonar over resultatata for å satse på det vi ser verkar.</p>	 <p>Tysvær kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver</p> <table border="1"> <caption>8. klasse - Nasjonale prøvar 2008</caption> <thead> <tr> <th>Fag</th> <th>Tysvær kommune</th> <th>Rogaland fylke</th> <th>Nasjonalt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Engelsk</td> <td>2.8</td> <td>3.0</td> <td>3.0</td> </tr> <tr> <td>Lesing</td> <td>2.9</td> <td>3.0</td> <td>3.1</td> </tr> <tr> <td>Regning</td> <td>3.0</td> <td>3.1</td> <td>3.1</td> </tr> </tbody> </table>	Fag	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt	Engelsk	2.8	3.0	3.0	Lesing	2.9	3.0	3.1	Regning	3.0	3.1	3.1																				
Fag	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt																																		
Engelsk	2.8	3.0	3.0																																		
Lesing	2.9	3.0	3.1																																		
Regning	3.0	3.1	3.1																																		
<p>5. klasse</p> <p>Vi ligg litt under landssnittet i lesing og rekning. Sjølv om dette er normalt i vårt område, ser skulane dette som ei utfordring og set inn tiltak som både forskning og røynsle fortel verkar. Det som verkar er gode relasjonar mellom lærar-elev, lærarar som er gode formidlarar og har høg fagkompetanse, læringsfremjande vurdering og godt læringsmiljø. Dette er område som både skuleeigar og skulane vil satse på framover.</p>	 <p>Tysvær kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver</p> <table border="1"> <caption>5. klasse - Nasjonale prøvar</caption> <thead> <tr> <th>Fag</th> <th>Tysvær kommune</th> <th>Rogaland fylke</th> <th>Nasjonalt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Engelsk</td> <td>2.0</td> <td>2.0</td> <td>2.0</td> </tr> <tr> <td>Lesing</td> <td>1.9</td> <td>2.0</td> <td>2.0</td> </tr> <tr> <td>Regning</td> <td>1.9</td> <td>2.0</td> <td>2.0</td> </tr> </tbody> </table>	Fag	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt	Engelsk	2.0	2.0	2.0	Lesing	1.9	2.0	2.0	Regning	1.9	2.0	2.0																				
Fag	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt																																		
Engelsk	2.0	2.0	2.0																																		
Lesing	1.9	2.0	2.0																																		
Regning	1.9	2.0	2.0																																		
<p>LÆRINGSMILJØET 10. klasse MÅL:Skular med trivsel for alle, som utviklar sosial kompetanse og gir rom for opplevingar Tysvær skulane gjer det bra på elevdemokrati, mobbing og ikkje minst karrierevegleiing. Det siste kan m.a. tilskrivast det gode opplegget vi har gjennom Haugalandet-skule-arbeidsliv kor Tysvær er ein aktiv medspelar. Vi har utfordringar på motivasjon og fagleg vegleiing</p>	 <p>Tysværkommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen</p> <table border="1"> <caption>10. klasse - Læringsmiljøet</caption> <thead> <tr> <th>Faktor</th> <th>Tysvær kommune</th> <th>Rogaland fylke</th> <th>Nasjonalt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Trivsel</td> <td>4.1</td> <td>4.1</td> <td>4.1</td> </tr> <tr> <td>Elevdemokrati</td> <td>3.4</td> <td>3.1</td> <td>3.1</td> </tr> <tr> <td>Fysisk læringsmiljø</td> <td>2.6</td> <td>2.6</td> <td>2.6</td> </tr> <tr> <td>Mobbing på skolen</td> <td>1.3</td> <td>1.4</td> <td>1.4</td> </tr> <tr> <td>Motivasjon</td> <td>3.4</td> <td>3.6</td> <td>3.7</td> </tr> <tr> <td>Faglig veiledning</td> <td>3.0</td> <td>3.1</td> <td>3.1</td> </tr> <tr> <td>Medbestemmelse</td> <td>2.3</td> <td>2.4</td> <td>2.3</td> </tr> <tr> <td>Karriereveiledning</td> <td>3.8</td> <td>3.6</td> <td>3.6</td> </tr> </tbody> </table>	Faktor	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt	Trivsel	4.1	4.1	4.1	Elevdemokrati	3.4	3.1	3.1	Fysisk læringsmiljø	2.6	2.6	2.6	Mobbing på skolen	1.3	1.4	1.4	Motivasjon	3.4	3.6	3.7	Faglig veiledning	3.0	3.1	3.1	Medbestemmelse	2.3	2.4	2.3	Karriereveiledning	3.8	3.6	3.6
Faktor	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt																																		
Trivsel	4.1	4.1	4.1																																		
Elevdemokrati	3.4	3.1	3.1																																		
Fysisk læringsmiljø	2.6	2.6	2.6																																		
Mobbing på skolen	1.3	1.4	1.4																																		
Motivasjon	3.4	3.6	3.7																																		
Faglig veiledning	3.0	3.1	3.1																																		
Medbestemmelse	2.3	2.4	2.3																																		
Karriereveiledning	3.8	3.6	3.6																																		

Område/mål/vurdering	Resultat/måloppnåing																												
7. klasse På 7. trinnet har vi utfordringar når det gjeld mobbing og fysisk læringsmiljø. Vi skårar godt på elev-demokrati. Elles ligg vi på landssnittet. Når det gjeld mobbing har vi stadig fokus på dette. Vi har 3 PALS-skular som jobbar svært systematisk med det totale elevmiljøet. Forsking syner at PALS er eit av dei systema som verkar best. Målet er at fleire skular skal med i PALS.	<table border="1"> <caption>Bar chart data: Tysvær kommune, Rogaland fylke, Nasjonalt</caption> <thead> <tr> <th>Kategori</th> <th>Tysvær kommune</th> <th>Rogaland fylke</th> <th>Nasjonalt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Trivsel</td> <td>4.2</td> <td>4.2</td> <td>4.3</td> </tr> <tr> <td>Elevdemokrati</td> <td>3.8</td> <td>3.7</td> <td>3.6</td> </tr> <tr> <td>Fysisk læringsmiljø</td> <td>3.0</td> <td>3.2</td> <td>3.1</td> </tr> <tr> <td>Mobbing på skolen</td> <td>1.6</td> <td>1.5</td> <td>1.4</td> </tr> <tr> <td>Motivasjon</td> <td>4.2</td> <td>4.2</td> <td>4.2</td> </tr> <tr> <td>Faglig veiledning</td> <td>3.5</td> <td>3.5</td> <td>3.5</td> </tr> </tbody> </table> <p>Tysværkommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen</p>	Kategori	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt	Trivsel	4.2	4.2	4.3	Elevdemokrati	3.8	3.7	3.6	Fysisk læringsmiljø	3.0	3.2	3.1	Mobbing på skolen	1.6	1.5	1.4	Motivasjon	4.2	4.2	4.2	Faglig veiledning	3.5	3.5	3.5
Kategori	Tysvær kommune	Rogaland fylke	Nasjonalt																										
Trivsel	4.2	4.2	4.3																										
Elevdemokrati	3.8	3.7	3.6																										
Fysisk læringsmiljø	3.0	3.2	3.1																										
Mobbing på skolen	1.6	1.5	1.4																										
Motivasjon	4.2	4.2	4.2																										
Faglig veiledning	3.5	3.5	3.5																										

Mål for 2008	Status måloppnåing
Trådlaust nettverk på alle skulane	Vil bli fullført innan mars 2009
Elevmaskinar i tråd med skulen sin IKTplan for 2005-2008	Oppfylt ved leasing avtale
Implementering av faget Utdanningsval	Er gjennomført og blir vidareutvikla
Auka kompetanse i vurderingsarbeid	Er i gong og blir vidareført
Planar for Tilpassa opplæring på alle skulane	Alle skulane har laga planar
Auka den digitale kompetansen og bruk av Class Fronter hos alle lærarane	Aktiv kursing på skulane og tilbod frå skulekontoret
Vidareføra prosjekt for tidleg innsats og foreldremedverknad	Familielæring er innført på fleire skular. Arbeid med plan overgang barnehage-skule
Vidareutvikla verktøy for skulevurdering og kvalitetsutvikling	Digital eigenvurdering er innført og vi er starta opp med ekstern vurdering
Vidareføra skuleutbyggingsprosjekta på ein god måte	Det meste er i rute. Nedstrand er fredig utbygd. Romprogram for Tysværvåg er laga. Grinde og Frakkagjerd er klare til hausten 2009
Spesialundervisninga skal vera under 5%	Frå 2007 til 2008 hadde vi ein auke frå 7,4% til 8,6%

7.4 PRIORITERTE UTFORDRINGAR OG MÅL

Vedteke av kommunestyret våren 2007:

I perioden 2007-2010 skal skulane nå følgjande mål:

Læringsutbyttet skal vera over landsnittet

Spesialundervisninga skal vera under 5%

Lesedugleiken under kritisk grense skal vera under 10%

Tysvær skulane skal vere blant dei beste i landet

Andre mål:

Våren 2009 vil det bli utarbeidd strategiplan for perioden 2009-2012. Hovedsatsingsområda i planen kan bli individvurdering og tidleg innsats

Utvikle felles vurderingskultur og praksis

Gode system for tidleg innsats med kartlegging, analyse og oppfølging

Vedta plan for overgang barnehage-skule

Vidareutdanning i engelsk for barnetrinnet

Utdanning av leserettleiarar på alle skulane med barnetrinn

System og opplegg for god klasseleiing og åtferdsregulering på alle skulane

Ferdigstilling av Frakkagjerd barneskule og Grinde skule

Plan for utbygging av Tysværvåg barne- og ungdomsskule

Plan for vaksenopplæringa og samlokalisering av Tysvær opplæringscenter

8 RESULTATOMRÅDET BARNEHAGE

8.1 ØKONOMI

	Rekneskap	Årsbudsjett m.endr.	Forbruk %	Avvik, kr
Br. driftsutgifter	76 142 155	71 842 957	106	4 299 198
Br. driftsinntekter	67 246 418	63 947 149	105,2	- 3 299 269
Nt. driftsutgifter	8 895 737	7 895 808	112,7	999 929

Førebelse tal syner eitt underskot **kr 999 929**. Årsak til avvik er at i rammene for budsjettet 2008 er lagt inn ein driftsinnsparing på **kr. 1 mill.** på nye barnehagar - Fjellhaug Friluftsbarnhage og Akسدal barnehage. Barnehagane er ikkje ferdigstilt, men er planlagt opna til nytt barnehageår 15. 08.09. Ser ein bort i frå denne innsparinga er budsjettet i balanse.

2110 – Styrka førskuletilbod

	Rekneskap	Årsbudsjett m.endr.	Forbruk %	Avvik, kr
Br. driftsutgifter	4 985 984	4 029 229	124	957 000
Br. driftsinntekter	2 292 702	2 161 125	106	- 132 000
Nt. driftsutgifter	2 693 277	1 868 104	144	825 000

Førebelse tal syner eit underskot på **kr. 825 000** på tenesta styrka førskuletilbod. Behovet for ekstra personalressurs i barnehagane for barn med nedsett funksjonsevne har auka jamleg dei siste åra. Ein av årsakene til dette kan være at talet på barnehageplassar har auka mykje dei siste årene.

For barnehageåret 2008/2009 er det 24 barn som er tildelt ekstra assistent / støttepedagog. Storleik på stillingane varierer frå 30 % til 100 %

Rekneskapet til resultatområdet går på trass av dette underskotet i balanse då det er eit overskot på den ordinære drifta.

8.2 TENESTER

Tysvær kommune har pr. definisjon full barnehagedekking (*Alle som har søkt innanfor frist for hovudopptak som er 1. mars, har fått tilbod om barnehageplass*).

Tysvær kommune har pr. 01.01.09 711 barnehageplassar, 162 private og 549 kommunale. Det er 675 barn som har tilbod om barnehageplass i Tysvær kommune, 172 barn i private barnehagar og 503 har kommunal barnehageplass. Fordelt på aldersgrupper: Under 3 år (som teller to plassar): 241 barn, over 3 år: 434 barn.

8.3 RESULTATVURDERING

Visjon:

Kjempekjekt

Hovudmål for barnehagane:

Barnehagane i Tysvær – mangfald, kreativitet og fellesskap med glade barn i fokus.

Hovudmål	Måloppnåing
Implementering av rammeplanen	Resultatområdet har fortsett arbeidet med å implementere rammeplanen i barnehage med hovudfokus på fagområda. Det er etablert 4 ulike "faggrupper" som består av tilsette frå alle barnehagane. Fagområda er: Språk, realfag, IKT og estetiske fag. Alle gruppene er etablert, men aktiviteten har vore varierende. Språk, IKT og estetiske fag gruppene har vært på konferansar for å auke kompetansen. Realfaggruppa har planlagt konferanse i februar. Resultatområdet har arrangert ein felles planleggingsdag kor tema var matematikk i barnehagen.
Implementering av Strategi for kompetanseutvikling i barnehagane i Tysvær kommune 2008 - 2010	Resultatområdet har hatt fokus på kompetanseheving av dei tilsette i barnehagane. Følgjande område i kompetanseplanen har vore prioritert: Barn sin språkutvikling og stimulerande språkmiljø – faggruppa innan språk. Kvalitetsutvikling i barnehagen – 6 tilsette har fullført vidareutdanning ved HSH. Temakveld i bLEST om fortellarkunst.
Samarbeid barnehage – skule	Ei prosjektgruppe har laget eitt forslag til Strategiplan for overgang barnehage – skule. Den er sendt ut til høyring til fagrørsla, barnehagane og skulane, og vil bli politisk handsama i løpet av våren.
Rekruttering av førskulelærarar	Tysvær kommune har hatt ein nedgang i talet på søkarar til førskulelærarstillingar. Kommunen har med utgangspunkt i dette oppfordra egne tilsette å byrje på studie. To tilsette er i gong med desentralisert utdanning ved HSH.
Fleirkulturell barnehage – kompetansespreiing av NAFO prosjektet i Førresfjorden barnehage	Personell i Førresfjorden barnehage har arrangert personalmøter for alle barnehagane i kommunen.

8.4 UTFORDRINGAR:

- Ny barnehage i Skjoldastraumen
- Fleirkulturell barnehage – fleirkulturell pedagogisk teori og praksis som handlar om å styrke barna sine morsmål.
- Førresfjorden barnehage – ein mottaksbarnehage?
- Implementering av rammeplanen – fokus på fagområdar. Arbeide med innhald og struktur i nettverksarbeidet.
- Fortsette med Implementering av Strategi for kompetanseheving i barnehagane i Tysvær kommune.
- Samarbeid barnehage – skule. Implementering av Strategiplan for overgang barnehage – skule.
- Revisjon av barnehageplanen
- Rekruttere førskulelærarar.
- Utarbeide ein plan for rettleiing av ufaglærte i førskulelærarstillingar. Kompetanseheving av tilsette i dispensasjonar.
- Vidareføring av opptrappingsplanen psykisk helse
- Evaluera plassering og funksjon for det kommunale hjelpemiddellageret.
- Arbeide vidare med kompetanse – og rekrutteringsutfordringane i resultatområdet.

9 RESULTATOMRÅDE REHABILITERING

9.1 ØKONOMI/PERSONALRESSURSAR

Nye stillingar som vart oppretta i 2008:

- 3 stillingar som miljøterapeut
- 7,7 stillingar som omsorgsarbeidar/hjelpepleiar/helsefagarbeidar
- 0,6 stilling som medisinsk assistent

Omgjering av engasjementsstillingar til faste stillingar i 2008

- 3,25 stillingar som omsorgsarbeidar/hjelpepleiar/fagarbeidar frå engasjementstillingar til faste stillingar
- 1 stilling som miljøterapeut
- 1 stilling som arbeidsleiar
- 0,08 stilling som rettleiar turnuslege

Rekneskap 2008

	Rekneskap	Årsbudsjett 2008 m.endr.	Forbruk i %	Avvik i kroner
Brutto driftsutgifter	106 925 498	104 674 671	102	2 250 827
Brutto driftsinntekter	-35 959 191	-31 143 562	115	- 4 815 629
Netto driftsutgifter	70 966 307	73 531 109	97	- 2 564 802

Resultatområdet forventas å få eit overskot på om lag kr. 2 564 802 i 2008.

I 2007 var det fleire nye brukarar og brukarar som krevde meir ressursar enn det resultatområdet hadde budsjettmidlar til. I 2008 fekk resultatområdet tilført nye stillingar for å dekke opp *noko* av dei ekstra ressursane desse brukarane krevde.

I 2007 og 2008 har resultatområdet auka innsatsen rundt dei ressurskrevjande brukarane, og resultatområdet har såleis fått tilført auka overføringar frå staten i 2008. Auka inntekter på same grunnlag for 2007 kunne ikkje gjerast gjeldande grunna endringar i overføringsordninga . Desse midlane gjekk difor til styrking av likviditetsreserven til kommunen.

Trass i overskot er resultatområdet prega av underbudsjetterte midlar overtid, heilagdagstillegg og ferievikarar. Desse tre postane viste vel 3 millionar i overforbruk i 2008, og hertil kjem sosiale utgifter i tillegg. Skal ein lykkast med god kontroll innanfor eit så ressurskrevjande tenesteområde må det budsjetterast realistisk, slik at leiarar og medarbeidarar finn det motiverande å driva ansvarleg innanfor gitte rammer.

9.2 TENESTER OG RESULTATVURDERING

9.2.1 Legetenester, arbeidstiltak og butiltak

Hovudmål	Status måloppnåing
Legetenesta Sikre befolkninga tryggleik gjennom tilgjengelighet til allmennlegetenesta Sikre befolkninga sitt behov for øyeblikkelig hjelp hele døgnet.	Legedekninga ved legesentra er god. Daglegevakt sikrar legehjelp til personar som ikkje kan komma til fastlegen sin. Tysvær kommune har legevaktsamarbeid med Bokn og Sveio .
Arbeidstiltak Mål: Hjelpa flest mogleg til arbeid eller aktivitet. Forbeta og oppretthalde ein	Prosjekt for å få unge og langtidsmottakarar av sosialhjelp i arbeid/aktivitet, har vore velluka og er i frå 2008 eit fast tiltak. Det har derimot ikkje blitt som forventa med "oppdrag" frå NAV i høve til personar med kvalifiseringsstønad.

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>effektiv å god service for innbyggerane i kommunen.</p> <p>Opprettholde det gode tverrfaglige samarbeidet</p> <p>Gi nødvendig dagtilbod</p>	<p>Produksjonsmåla for Tysvær Vepro i 2008 er nådd med ei inntjeningsauke på 175 % over budsjett. Det har vært eit overforbruk på budsjettet på 9 % . Dette skuldast i hovudsak ein 40 % engasjement stilling på ein brukar i dagtilbodet.</p> <p>Tysvær Vepro har i perioder gitt tilbod til 55 personar samtidig, og har i 2008 organisert dagtilbod for personar som ikkje kan nytta det ordinære tilbodet ved Tysvær Vepro.</p> <p>Det har vært ei stor auke i formidling av hjelpemidlar for hjelpemiddelsentralen i Rogaland. Dette er oppgåver som tidlegare vart ivaretatt av hjelpemiddelsentralen. Det er ei auke på 294 oppdrag bare siden 2007.</p> <p>Det er stort behov for dagtilbod for brukarar som ikkje kan nytta dagtilbodet på Tysvær vepro.</p>
<p>Seksjon butiltak</p> <p><i>Målsetjing:</i></p> <p>Medverke til at menneske med funksjonshemmingar kan leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt og meningsfylt liv i fellesskap med andre.</p> <p>Vere fagleg og etisk forsvarlige</p> <p>Vere individuelt tilpassa den einskilde tenestemottakar</p> <p><i>Hovudoppgåver/ tenester:</i></p> <p>Seksjon butiltak skal gi sosiale tenester i form av praktisk bistand og opplæring til barn, unge og vaksne som på grunn av funksjonshemming har eit særleg hjelpebehov.</p>	<p>Seksjonen er organisert i 6 ansvar og omfattar seksjonsleiing og 5 fageiningar. Kvar fageining har personalbase og ein fagansvarleg med operativt leiaransvar for tenester og tilsette.</p> <p>Personalbasane har 1/1 døgn bemanning og har heimetenester på timebasis i bustader tilknytt personalbasen og til andre bustader.</p> <p>Dei tilsette utfører framleis tenester med god kvalitet. Leiing i tenesteområdet fungerer bra. Dette vert stadfesta i driftsgjennomgang av Resultatområdet rehabilitering (RO 2008). Det har blitt for lite tid til å fokusera på kvalitet, internkontroll, organisering og leiing. RO peika på svakheter her.</p> <p>Seksjonen har i løpet av dei siste åra fått ansvar for tunge brukartiltak. Desse oppgåvene er fordelt utan at kompleksitet og fag er tilstrekkeleg vurdert. Det vert ikkje gjort nok for å sikre tilstrekkelig kunnskap og ferdigheiter innanfor tenesteområdet.</p> <p>Innføring av Notus turnusprogram i tenestene og lønssystemet måtte prioriterast høgt i siste del av 2008. Leiinga brukar mykje tid på personalfunksjonar fordi kompetanse og støtte ikkje er god nok i organisasjonen. Fagansvarlege er for sterkt engasjert i drift og vedlikehald av bygningar og utstyr. Dette er noko som går ut over brukarperspektivet.</p>

9.2.2 Førebygging og rehabilitering, sosialteneste (NAV)

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>Talet på stillingsheimlar : 67.57</p> <p>Budsjettramme : ca 37 mill</p> <p><u>Omsorgslønn.</u></p> <p>Omsorgslønn er eit økonomisk supplement for dei som har særleg tyngande omsorgsoppgåver i heimen</p> <p><u>Støttekontakt</u></p> <p><u>Individuell Plan</u></p> <p><u>Oppstart av TUT team (tverrfagleg utgreiing og tiltaksteam</u></p> <p><u>Innføring av Notus turnus program</u></p>	<p>Det er 23 personar som mottar omsorgsløn. Behovet er stort og posten er underbudsjettet.</p> <p>Det er 25 personar som har støttekontakt i regi av førebygging og rehab.seksjonen Det har vist seg vanskeleg å rekruttera støttekontaktar .Det gjer at det kan bli ventetid frå ein søker til ein får støttekontakt. Støttekontaktordninga bør vurderast samordna med fritidskontaktordning via kultur. Truleg vil dette gi ein praktisk og økonomisk gevinst.</p> <p>Det er ca.70 personar som har individuell plan Dette er eit godt verkemiddel i å samordna ressursane og gje brukarane ein betre oversikt over eit samla tenestetilbod</p>

Hovudmål	Status måloppnåing
<p><u>Fysio- og ergoterapitenesta</u></p> <p>Fremja innbyggerane si helse og auka aktivitetsnivået deira.</p> <p>Gje tilbod for og styrka eller oppretthalda brukaren si evne til å utføra dagleglivsfunksjonar.</p> <p>Legga til rette omgjevnadene slik at folk kan bu og fungera sjølvstendig med lågast grad av hjelp.</p> <p><u>Psykisk helseteneste</u></p> <p>Oppbygging av psykisk helseteam for barn-unge</p> <p>Sikre innbyggjarane hjelp ved psykisk uhelse og psykisk sjukdom i lag med brukar, pårørande, fastlege, spesialisthelseteneste og tverrfaglege tenester.</p> <p>Sikre brukarar forutsigbarhet, stabile relasjonar, tilpassa og tilgjengelege tenester for alle brukarar og pårørande.</p> <p>Legge til rette for livsmeistring, verdig bustad og meningsfylt liv for personar med samansette behov.</p> <p>Sikre at reel brukarmedverknad blir gjennomført på individ-, gruppe- og systemnivå.</p> <p>Informere og undervise om psykisk helse i eit heilskapleg perspektiv for innbyggjarar og samarbeidspartar slik at ein byggjer ned stigmatisering og aukar forståing for psykisk helse i kultur og folkehelseperspektiv</p> <p>Sikre at det blir lagt til rette for at mål for Opptappingsplan for psykisk helse kan</p>	<p>Oppstart av TUT teamet er ei positiv erfaring for det tverrfaglege samarbeidet for barn og unge</p> <p>Det har blitt brukt ein del ressursar på opplæring i Notus.-Erfaringane så langt er positive.</p> <p>Tenesta har i 2008 opprettheldt arbeidet med å følge opp enkeltbrukarar ute i heimar, på institusjon, i skule og barnehage. Mange kjem og til våre lokalar i Aksdal og i Nedstrand.</p> <p>Tilbodet om opptrening i gruppe er ført vidare. I Aksdal og ute i distrikta, føregjekk ei mengd ulike gruppeaktivitetar i salar og i basseng.</p> <p>Hjelpemiddellageret og ikkje fagleg aktivitet her, tok også i 2008 mykje av terapeutane si tid. Terapeutisk brukaroppfølging med ergoterapeut har hatt høgare prioritet. Auka bruk av fysioterapeut på lageret</p> <p>Psykisk helseteam barn-unge er etablert og har regelbunde samarbeid og veiledning frå BUP i lag med skolehelsetenesta. Teamet er tverrfagleg samansett med pedagog, sjukepleiar og psykolog. Barn-unge teamet merkar aukande etterspurnad frå barn-unge, føresette, fastlege, skule, barnehage, BUP og tverrfaglege tenester.</p> <p>Teamet for vaksne måtte på slutten av året bruke ventetid på hjelp, då etterspurnaden var større enn ressursane. Ein ser aukande behov for meistring av angst og depresjon.</p> <p>Tenesta har i løpet av 2008 hatt fleire akutte kriseintervensjonar ved ulukker, vanskelege livs og død hendingar. Mellom anna vegane og trafikken skaper krisesituasjonar. Kriseintervensjon vil frametter krevje tydelegare organisering enn i dag.</p> <p>Tenesta har fått instruktør-kompetanse til tre tilsette som har arrangert kurs i meistring av depresjon; KID.</p> <p>Psykisk helseteam for vaksne har auka oppfølginga til personar med langvarig sjukdom og samansette behov i tråd med opptappingsplanen sine mål.</p> <p>Tilbod om oppfølging ved hjelp av gruppeterapi er eit godt verktøy for livsmeistring; vanngym, friluft, tur, trening, sosial meistring og sosial ferdighetstrening. Fleire brukarar oppgjev dette som så viktig tilbod at det gir ulikskapen mellom liv og død.</p> <p>Brukarsamarbeid på individ, gruppe og systemnivå har fokus. Brukarforum, evalueringar og forarbeid til oppretting av ei prosjektstilling for medarbeidar med brukarerfaring; MB som startar i 2009.</p> <p>Verdensdagen 2008 var utgangspunkt for informasjon og synleggjering i lokalsamfunnet; media, stands og føredrag i lag med Mental Helse Tysvær. Alle på 9-trinn har fått informasjon om psykisk helse. Informasjon, undervisning</p>

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>fullførast på alle nivå.</p> <p>Aktivt ivareta tilsette som ressurs; som fagpersonar og menneske. Tenlege arbeidstilhøve for utøving av terapeutisk verksemd</p> <p><u>Psykisk helseteneste/Aksdalsveien 163</u> MÅL Aksdalsveien 163 skal være ein trygg og god plass å bu. Personalet skal leggje til rette for trivsel og meningsfylt liv</p> <p>Sikre reel brukarmedverknad</p> <p>Oppretthalda høg faglig kompetanse behalde og rekruttere fagpersonar . førebyggje utbrenthet</p> <p>Å få bygget ferdigstilt</p> <p><u>Hamrane avlastning og bustadar:</u> Hamrane gir eit etisk og forsvarlig omsorgstilbod som er individuelt tilpassa den einskilde tenestemottakar.</p> <p>Kvalitetsikring av prosedyrar.</p> <p>Vidareutdanning/kurs/opplæring:</p> <p>Utfordringar frametter:</p> <p><u>Helsestasjon-skolehelsetenesta</u> Alle gravide i kommunen som ønskjer det, skal ha tilbod om å gå til jordmor ved helsestasjonen.</p>	<p>og veiledning var tilgjengeleg heile året, etter førespurnad. Brukarmedverknad er viktig del av dette</p> <p>Utvikling og kvalitetssikring av tenesta i høve til fag, lov og retningslinjer er eit arbeid som ikkje er fullført tilfredsstillande i tenesta og kommunen. Utvikling av Psykisk helsearbeid er eit satsingsområde for staten, og kommunen skal vere aktiv bidragsytar framover.</p> <p>Tenesta har svært kompetente tilsette, og det er naudsynt i ein kvardag der det blir stilt store krav til den einskilde sin faglege og personlege evne til å handsame utfordrande situasjonar åleine i møte med alvorleg sjuke eller personar med komplekse vanskar.</p> <p>Heller ikkje i 2008 er dei nye samtale/ kontor lokala i Aksdalsveien innflyttingsklare.</p> <p>Dei fleste som bur i aksdalsv.163 har i løpet av 2008 fått eit tilrettelagt arbeids- eller skoletilbod på dagtid. Aktivitetstilbodet har auka med ulike gruppetilbod, sommarfest, julebord, påske- og juleverkstad. Bomberommet i kjellaren har ein innreia til trenings rom. Personale og bebuarar har hatt dugnad i hagen.</p> <p>Ein har etablert faste husmøte der målet har vore at bebuarane skal aktiv vera med i planlegging og gjennomføring av dei ulike aktivitetane</p> <p>Personalet bruker seg sjølv som "verktøy" i alt psykisk helsearbeid. For å førebyggja utbrenthet har ein hatt fokus på faglig påfyll. 7 tilsette har i løpet av året påbegynt / avslutta vidareutdanning i psykisk helsearbeid, Ein har hatt intern og ekstern undervisning.</p> <p>Kommunen har enda ikkje overtatt bygget, og personalet sliter med uavklart ansvar for vedlikehald.</p> <p>Ved Hamrane avlastning er det 21 tenestemottakarar i alderen 9 til 41 år. Det bur 6 unge vaksne i omsorgsbustad i tilknytning til bygget. Me har ei sentral rolle i utarbeiding av individuell plan for mange av tenestemottakarane. Vidare å gi dei føresette hjelp, støtte og rettleiing. Det er stor etterspurnad etter avlastning.</p> <p>Livredningskurs for personalet og sommarvikarar. Opplæring og skriftlig gjøring av behandlingstiltak og skadeavvegande tiltak i enkelttilfelle på Profil. Utarbeida "årshjul" og "målvalgsprofil" for alle tjenestemottakarane på Hamrane.</p> <p>5 tilsette tar vidareutdanning i rettleiing eller rehabilitering. Hamrane har gjennomført ART timar for grupper av barn/ungdommar innafor avlastning og bustadane.5 tilsette har fått grunnopplæring i Notus.</p> <p>Mange av ungdommane ved avlastinga har søkt bustad med tilsyn frå nå av eller i eit kommande 5 års perspektiv.</p>

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>Førebygge psykososiale problem, sjukdommar og skader. Identifisere barn sine individuelle problem på eit tidleg stadium.</p> <p>Sikre skulehelsetenesta med nødvendig rom utstyrt med datautstyr.</p> <p>Ny helsestasjon for ytre delen</p> <p>Sikre helsestasjonstilbodet for ungdom</p> <p>Styrke tverrfagleg samarbeid slik at tilbodet til brukarane står fram som heilt og integreert.</p> <p>Auke talet på faste stillingar i helsestasjons-og skolehelsetenesta.</p> <p>Tilstrekkelig legetid i helsestasjons-og skolehelsetenesta.</p> <p>Flyktningar som kjem til kommunen skal få nødvendig helseteneste.</p>	<p>Jordmor har kapasitet til alle gravide som ønskjer å gå til jordmor i svangerskapet.</p> <p>Pga. personalmangel er det vanskeleg å få gjennomført alle fastsette helsestasjonskontaktar til rett tid. Oppfølging av identifiserte problem hos barn vert då mangelfull og forsinka.</p> <p>Det er lite tid til oppfølging av barn og ungdom i skulen. Skolehelsetenesta har framleis utfordringar når det gjeld rom og datautstyr på skolane <i>Skolehelsetenesta må styrkast.</i></p> <p>Helsestasjonen for Førresfjorden held til på Aksdal helsestasjon. Politisk /administrativt utval er nedsett for å avklare helsestasjonsspørsmålet for ytre delen.</p> <p>Tysvær held fram med interkommunalt samarbeid om helsestasjon for ungdom. Mange tilbakemeldingar frå ungdommane sjølv tyder på at det i tillegg er trong for helsestasjon for ungdom i Tysvær/Aksdal.</p> <p>Tverrfagleg samarbeid er ein måte å arbeide på både i helsestasjons-og skolehelsetenesta. Tverrfaglege oppvekstteam er viktige arenaer for tverrfagleg samarbeid. Ikkje alle teama fungerer like godt.</p> <p>Det er ein samanheng mellom talet på barn og ungdom som omfattas av helsestasjons-og skolehelsetenesta og helsesøsterressursar som er disponible i kommunen. I 2008 fekk tenesta 1 engasjement-stilling for å auke arbeidet i skolehelsetenesta. Det er viktig at stillinga blir gjort om til fast stilling. Tenesta bed om 2 faste stillingar. Ved helsestasjonen i Tysvær våg distrikt er det nødvendig med 2 timar ubunden tid til helsestasjons-og skolehelseteneste i tillegg til 3 timar/veke som nå.</p> <p>Helsesøster/sjukepleiar for flyktningar gir helseteneste til vaksne, foreldre, familiar og barn. I forhold til barn av flyktningar samarbeider sjukepleiar med helsesøster på helsestasjonen eller på skolen der barna går.</p>
<p>Sosialtenesta Sosialtenesta arbeider etter dei generelle måla i sosialtenestelova og målsetjingane i NAV reforma. M.a. fremje økonomisk og sosial tryggleik førebyggja sosiale problem få fleire i arbeid/aktivitet og færre på stønad få ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning .</p>	<p>Organisering: Sosialtenesta er no ein del av NAV kontoret i Tysvær. NAV Tysvær har til saman 12 stillingsheimlar. Desse er fordelt på 5,5 kommunetilsette (dei som tidlegare utgjorde sosialkontoret) og 5,5 statleg tilsette pluss leiar.</p> <p>Kommunale oppgåver i NAV: Generell førebyggjande verksemd, råd og rettleiing, økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram, gjeldsrådgeving, midlertidig husvære, rusbehandling inklusiv LAR (legemiddelassistert rehabilitering) og miljøarbeid i høve til flyktningar og sosialt vanskelegstilte.</p> <p>Tilsyn: I 2008 hadde sosialtenesta saman med andre kommunale tenester tilsyn av Fylkesmannen. Det vart konstatert avvik på tilhøve knytt til internkontroll. Det er påbegynt eit arbeid med å oppdatera internkontrollrutinane.</p>

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>Økonomisk sosialhjelp hjelp til dei som sjølv ikkje kan syte for eige livsopphald krisehjelp til dei som er ein akutt situasjon.</p>	<p>Ved etablering av NAV kontor har sosialtenesta fått nærare tilgang til statlege verkemidlar samt eit nytt tiltak for dei som står lengst unna arbeid og aktivitet – <i>kvalifiseringsprogrammet</i>. Departementet sitt måltal for Tysvær 2008, 18 personar, blei nådd.</p> <p>Sosialhjelpsutgiftene har sidan 2003 hatt ein jamn nedgang, men auka igjen i 2008. Samla utgifter er likevel 1,5 mill kr mindre enn i 2003. Tendenser til ein "hardare" arbeidsmarknad kunne merkast på slutten av året. Tysvær kommune fylgjer dei statlege anbefalte satsar stønadssatsane for sosialhjelp.</p>
<p>Bustad til vanskelegstilte råd rettleiing saman med andre instansar i kommunen bidra til at og personar som sjølv ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden kan ha ein tilfredstillande busituasjon hjelp til dei med eit akutt behov for bustad</p>	<p>Kommunen er etter sosialtenestelova §§ 3-4 og 4-5 pliktige å hjelpe til med å skaffe husvære dei som sjølv ikkje maktar det. Det kan være midlertidig bustad i ein akutt situasjon eller hjelp i ein overgangsfase. Det har i 2008 vore eit generelt stort press på bustadmarknaden og for mange har det vore vanskeleg å skaffe seg bustadar. Det har vore stor etterspurnad etter kommunale bustadar. Ordninga med ein bustadkoordinator har vore eit føremon i arbeidet med bustadar til vanskelegstilte.</p> <p>Saman med bustadkoordinator er det påbegynt eit arbeide for å få til fleire tilrettelagde bustadar, samt oppfølging i bustadar. M.a. vert det arbeid med ein søknad om statstilskott for eit prosjekt med oppfølging i bustad.</p>
<p>Rusbehandling hjelp til den som ynskjer å koma vekk frå rusmisbruk innsøking til spesialistbehandling ansvar for tvangstiltak oppfølging før, under og etter eit behandlingsopplegg råd og rettleiing til pårørande</p>	<p>NAV kontoret / sosialtenesta har hovudansvar for tilrettelegging for behandling og oppfølging rusmisbrukarar.</p> <p>Staten ved helseføretaka har hovudansvar for spesialistbehandling som t.d. institusjonsopphald eller poliklinisk behandling, og kommunen har ansvar andre tenester som t.d. kan være omsorgstenester, anna behandling, aktivisering og bustad. Sosialtenesta har henvisningsrett til utredning for spesialistbehandling.</p> <p>Kommunen har og ansvar for medikamentutdeling, prøvetaking og oppfølging av LAR brukarar. I Tysvær var det ved begynnelsen av året 5 personar som var i LAR behandling medan det på slutten var 1. Tysvær fekk i 2008 kr 310.000 i prosjektmidlar til styrking av LAR tenesta. Desse er nytta til å styrkja miljøtenesta retta mot målgruppa.</p>

9.3 RESULTATOMRÅDET SINE PRIORITERTE UTFORDRINGAR OG MÅL

Fullføra arbeidet med ein samla plan for helsestasjonsverksemda og skulehelsetenesta, herunder avklaring av lokalisering, lokalitetar og bemanning/drift

Følgja opp RO sin gjennomgang av resultatområdet rehabilitering i høve til problemstillingar knytta til organisering og leiing. Dette arbeidet må sjåast i lys av prosessen med eventuell samanslåing av resultatområda rehabilitering og omsorg.

Forfølgja utfordringane knytta til Omstillingsprosjektet og koma til avklaringar m.o.t. tenestetilbodet/nivået for ressurskrevjande brukarar , herunder klargjera rett teneste , rett ressursbruk og ansvarleg (reell) budsjettering.

Setja fokus på manglande dagtilbod til personar med nedsett funksjonsevne

Sikra internkontrollsystemet og samhandlinga mellom helse-, sosial- og barnevern, herunder aktiv oppfølging av TUT-arbeidet (tverrfagleg utgreiing og tiltak for barn og unge)

Evaluera samarbeidsavtalen for NAV

Oppfølging av bustadsosial handlingsplan med framlegg til prioriterte handlingar

Evaluering av Tysvær Vepro

Vidare arbeid og oppfølging av ymse planar

- Plan for helse- og sosial beredskap
- Rammeplan for rehabilitering,
- Plan for fysio og ergoterapitenesta,
- Plan for framtidias omsorgsutfordringar, st. meld. Nr. 25 (2005 – 2006).

10 RESULTATOMRÅDET AKTIVITET OG OMSORG

10.1 ØKONOMI

	Rekneskap	Årsbudsjett m.endr.	Forbruk %	Avvik, kr
Br. driftsutgifter	82 193 337	79 558 320	103	-2 635 017
Br. driftsinntekter	-20 439 630	-16 479 319	124	3 961 311
Nt. driftsutgifter	61 753 707	63 080 001	98	1 326 294

Vi har eit overskot i resultatområdet som skuldast at vi har fått tilskott for dei ressurskrevjande brukarane vi har som er under 67 år, det har vært ein markant auke i denne gruppa. Vi har også dette året hatt høg liggedøgnstatistikk i snitt 107%, dette gir oss auka inntekter, som det og var budsjettert med. Når det gjeld inntekter for sjukefråvær er det lågare enn budsjettert noko vi har påpeikt tidlegare. Men trass dette og meldt underbudsjett på lønnsbudsjettet har vi klart eit overskot i år totalt. Seksjonane jobbar godt, og dei har god budsjett disiplin

10.2 TENESTER

Tenestestad/ Beleggsprosent:	Teneste:	K- opph.	L- opph	Hj.spl + Hj.hjelp	Bare h. spl	Bare h. hjelp
Tysværtunet / 105,5%	Utskriving	68	9			
Førresfjorden	Brukarar pr. 31.12.			25	19	29
Aksdaltunet / 101,4 %	Utskriving	73	15			
Tysværvåg	Brukarar pr. 31.12.			26	24	20
Nedstr.tunet/ 114 %	Utskriving	63	4			
Nedstr./Skj.	Brukarar pr. 31.12.			20	25	18
Heile res.området		204	28	71	68	67

Same utskrivning frå institusjon som i 2007, det gir ein beleggsprosent på 107% i snitt. 206 brukarar totalt i Heimetenesta, ei auke på 24 frå 2007, spesielt i Tysværvåg distrikt.

10.3 RESULTATVURDERING

Hovudmål	Status måloppnåing:
God kvalitet på tenesta tilrettelagd for den einskilde etter LEON prinsippet. (lågaste effektive omsorgsnivå)	<p>Fleire og fleire brukarar treng spesialiserte tenester som set store krav til personalet. Dette er eit resultat av Helse Fonna si ut/innskrivingspolitikk. Det gjeld både brukarar med somatiske og psykiatriske lidningar. Vi har og dette året hatt overbelegg i alle omsorgssentra. Det resulterer i at ikkje alle korttidsbrukarar får einsengsrom, men dette er i full forståing med brukar og pårørande. Det er ei ekstra belastning for personalet som har vist ein innsats og fleksibilitet det står respekt av.</p> <p>Vi har og eit etisk dilemma i samband med dette. Korleis sikrar vi respekt og god kommunikasjon mellom oss, brukar, pårørande og kvarandre i travle tider. Dette er vi ikkje i mål med og må jobbe meir med i 2009.</p>
Sjukefråværsarbeid	<p>Meir ressurskrevjande både psykisk- og fysisk sjuke brukarar utan auka bemanning gir store utfordringar Vi har dette året fått prøvd å auke med 0,75 årsverk i grunnbemanninga i kvart distrikt sett opp mot sjukevikarbudsjettet. Dette har vore positivt og vi har i sparte vakter kommet i pluss med 1,25 årsverk i forhold til kva dette utgjerd i årsverk – samstundes som sjukefråværet har gått ned. Vi ligg nå under gjennomsnittet for Tysvær kommune, og det er bra.</p>

Hovudmål	Status måloppnåing:
Interkommunalt samarbeid	<p>Det er fortsatt viktig å prioritere eit arbeid med regionalt samarbeid knytt opp mot helseføretaket. Ein kan då utvikle, og ta vare på den spisskompetansen ein her har bruk for, og det vil vere betre samfunnsøkonomi og fagleg betre for brukarane. Omsorgssjef er medlem av regional prosjektgruppe som arbeidar med dette.</p> <p>Nivået og mengda på <i>heimetenester</i> er og eit stadig tema, og vi ser fortsatt at nivået og tidsbruken i heimetenesta held seg høgare enn for eit par år sida. Det er og fleire brukarar ute som treng fysisk tilrettelegging</p> <p>Hadde kommunen hatt fleire tilrettelagde bustader i sentrale stork ville nok og fleire kunne klart seg lenger med mindre hjelp og utan institusjonsopphald.</p> <p>Ressurssenteret for omstilling i kommunane (RO) har hatt ei gjennomgang av resultatområdet. Dei kom med ei positiv tilbakemelding og synes organisasjonsforma var framtidsretta. Vi har fått utfordringar å jobbe med som var kjende: dei peika m.a. på leiarstrukturen med for få leiarar i forhold til tilsette. Dette er ei stor utfordring vi har slitt med sidan leiarstrukturen for nokre år sida vart endra etter politisk initiativ.</p> <p>For meir og krevjande arbeid ved skjerma eining har vi fått 4 nye årsverk til Akسدaltunet. Dette betyr mykje for arbeidssituasjonen til dei tilsette. Dei andre omsorgscentra har og behov for auka ressursar.</p>
Handlingsplan for eldreomsorg 2008 -15	Planen er utsett då ein ynskjer å sjå den i samanheng med evt omorganisering av helse og omsorgstenestene
Sjå til at dei med ekstraordinære behov får ei tilfredstillande teneste.	Vi har og dette året hatt brukarar med ekstraordinære brukarbehov både av psykisk og somatisk årsak. 5 av desse er under 67 år. Vi har hatt noko ekstra ressursar på desse for å kunne gi dei tilfredstillande tilbod.
Gi eit godt tilbod til brukarar med langtkommen kreft.	<p>Lindrane behandling i eigen bueining har vært et område som Tysværtunet har hatt fokus på i år . Dette har ført til et samarbeid mellom Tysvær, Vindafjord og HSH Det er bevilga 10 000 kroner frå HSH til ein prosjektplan, med håp om meir prosjektmidlar til forskning på fagområdet.</p> <p>Vi har fått svært gode tilbakemeldingar frå brukarar og pårørande som har nytta seg av dette tilbodet.</p>
Drive vedvarande målretta kompetanseutvikling, og behalde og rekruttere personale.	<p>Vi har stor nytte av dei som har tatt vidareutdanning i eldreomsorg i forhold til undervisning og rettleiing. Vi har ein sjukepleiar som har tatt vidareutdanning i kreftomsorg og to i psykisk helseteneste. Vi har 4 som går siste året på vidareutdanning i eldreomsorg og 2 med sårbehandling. Det er viktig med tanke på å behalde dyktige fagfolk, og å rettleie og behandle i ei tid med større og større utfordringar.</p> <p>Fagnivået i resultatområdet er ganske høgt, og dei er flinke med refleksjonsgrupper og undervisning kring aktuelle tema i distrikta. Vi har og kjørt eit felles kurs i Etik.</p> <p>Vi har denne hausten hatt store utfordringar i forhold til rekruttering av sjukepleiarar spesielt til Nedstrand distrikt. Med dei utfordringane vi har fått med brukarar med meir kompliserte diagnosar er vi meir enn nokon gang avhengig av den fagkunnskap ein sjukepleiar har.</p> <p>Av dei 5 som har hatt permisjon frå Akسدaltunet for å prøve anna arbeid har 4 sagt opp. Mykje av grunnen er travle dagar og helgearbeid.</p> <p>Vi laga ein rekrutteringsplan i mai frå resultatområdet som skal behandlast i ein felles plan for resten av kommunen.</p>

Hovudmål	Status måloppnåing:
Følgje opp dokumentasjonsplikta i forhold til lovverket.	Vi har enda ikkje sett nytteverdien av IPLOS registreringa, men vi er fortsett pålagt å gjere det, og har tro på at vi skal kunne nytte resultatane i 2009. Tida på dokumentasjon tar meir og meir tid på grunn av at brukarane blir meir krevjande og har meir kompliserte lidningar. Vi hadde håpa å få tatt i bruk MOBIL PROFIL i 2008 som vil gje oss ei meir effektiv bruk av arbeidstida ved at vi kan lese og gjere dokumentasjon heime hos brukaren ved behov. Men det har vi utsett til tidligast hausten 2009. Vi har innført Notus turnussystem dette året og det har vore svært ressurskrevjande, men vi tror at det vil gi oss innspara tid som kan brukast i direkte brukarrelatert teneste. Vi har noko arbeid igjen med innføringa som fortsett utover i 2009.
Godt arbeidsmiljø der dei opplever trivsel og vekst, som kan gi oss eit lågare sjukefråvær.	Sjukefråværet har gått ned med 2,5 %. Distrikta jobbar godt i forhold til trivsel og tilrettelegging. Sjå elles i første kolonne i forhold til ekstra ressursar som er sett inn.
Oppgradere omsorgsbasane	Tysværtunet sine lokalar har ei dårleg planløyning for å kunne jobbe rasjonelt og effektivt. Det er nødvendig å byggje om lokala for å få ein arbeidssituasjon som er tilfredsstillande. I samband med dette må og delar av inventar og møbler bytast ut . Utbetring av garderobeforhold og lagerrom sto på planen for 2008 men må utsetjast til 2009. Nedstrandtunet har vore i drift i 8 år no. Det er stor slitasje ikkje minst på møblar og utstyr.
Musikk som brukartiltak	I samarbeid med frivillige har musikktilbodet på institusjonane blitt styrka, men ikkje godt nok individualisert. Vi treng eit samarbeid med ein musikkterapeut.
"Den kulturelle spasersstokken". Prosjekt "På ein sengelengdes avstand"	Tilboda blir godt tatt imot av brukarane, men vi er ikkje gode nok på systematikk. Ein musikkterapeut med sin kunnskap og innsikt kan gi oss gode reiskapar i samarbeidet ulikt personale imellom og i samarbeidet mellom personale og frivillige.
Frivilligsentralen Regnbueprosjektet Foreining for Slagramma	Det er i 2008 etablert Frivilligsentral i regi av Kirkens Bymisjon og med støtte frå kommunen. Positivt samarbeid vi utviklar vidare i samarbeid med LHL Samarbeid med Haugesund.. Møte blir hald vekselvis i Haugesund og Tysvær

10.4 PRIORITERTE UTFORDRINGAR OG MÅL 2009

- Gjere ferdig delplan for eldreomsorg frå 2009 – 2016
- Arbeide for regionalt samarbeid om ekstra ressurskrevjande brukarar
- Fortsatt arbeide for at personalet har eit arbeidsmiljø der dei opplever trivsel og vekst, noko som igjen kan gi oss lågare sjukefråvær
- Behalde dei ekstra årsverka vi har fått midlertidig for å få ned sjukefråværet
- Gjere tiltak for å rekruttere og behalde fagpersonell
- Jobbe med etiske problemstillingar i forhold til ei travel og krevjande kvardag i forhold til brukarar, pårørande og personalet
- Kultur og aktivitet som målretta tiltak, jfr. St.melding 25
- Halda fram med kostnadseffektiv drift med god kvalitet etter LEON prinsippet
- Kartlegge mogleg utbygging av tilrettelagde bustader for rørslehemma og aldersdemente i Akسدalområdet
- Oppgradere det fysiske forfall på omsorgsbasane
- Innføre MOBIL PROFIL

11 RESULTATOMRÅDET KULTUR

11.1 ØKONOMI

	Rekneskap	Årsbudsjett m.endr.	Forbruk %	Avvik, kr
Br. driftsutgifter	25 665 521	22 668 414	113	2 997 107
Br. driftsinntekter	- 8 711 733	- 5 284 800	165	- 3 426 933
Nt. driftsutgifter	16 953 788	17 383 614	98	- 429 826

(basert på økonomirapport 11. februar 2009)

Resultatområdet kultur har eit samla overskott på kr 429 826,-.

Tysværtunet har i 2008 gått økonomisk i balanse.

Grunnen til overskott er særleg auka inntekter knytta til oppdrag ein gjorde for Rogaland fylkeskommune i samband med Ungdommens kulturmønstring, samt at ein har hatt eit godt driftsår både i badeanlegget og ved arrangement på Tysværtunet. Samstundes er bygdebokarbeidet rekneskapsført i minus med kr. 257.004 som må ballanseras gjennom budsjett 2009 samt vidare sal av bygdebøker.

Grunnen til større inntekter enn budsjett er særleg overføringar frå fylke og stat til prosjekt, bruk av disposisjonsfond, større billettinntekter enn budsjettet, sjukepengar og fødselspermisjonar.

11.2 TENESTER

2008 har vore nok eit aktivt og positivt år på kultursektoren med mest fokus på barn og ungdom og mykje flott aktivitet i bibliotek, fritidsklubb, kulturskule, kulturkontoret og Tysværtunet.

Aldri før har tysværubuen lånt så mykje på biblioteket: 60.993 utlån.

Ny idrettshall i Grinde og ny kunstgrasbane i Tysværåvåg opna.

Frivilligsentral opna i Tysvær i regi av Kirkens Bymisjon.

Bygdebok nr.10 "Slik levde dei 1902 – 1970" utgjeven.

Tysværtunet har hatt eit godt driftsår både når det gjeld tal på arrangement, publikum og økonomi. Badeanlegget på Tysværtunet har hatt nok eit problemfritt driftsår med 58.000 betalende gjester.

Midtsommerfesten og særleg litteraturveka BLEST er blitt utvikla som festivalar.

Lag og foreningar synest å vera stabile i aktivitet samanlikna med året før.

Vedlikehaldsutfordringar har ein på kulturhuset som er 16 år gammalt, og nye anlegg med kunstgras både på fotballbanar og ballbingar utfordrar vedlikehaldskapasiteten.

Ventelistene for plass i kulturskulen auka til 60, og ein har laga planar for betra romsituasjon for kulturskulen utan at det er løyvd pengar til løysing.




11.3 RESULTATVURDERING

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>Bibliotek:</p> <p>Formidling av bøker som sentrale media, men andre media og digitale tenester må komme sterkare inn:</p> <p>Biblioteket skal vera ein synleg litteraturformidlar:</p> <p>Regionalt samarbeid vert å utvikla sterkare:</p>	<p>Ny utlånsrekord for andre år på rad: 60.993 (2007: 60.104). Ein liten nedgang i Akسدal, men fin auke i Nedstrand. Ved utbygging av skulen er biblioteket blitt kombinasjonsbibliotek der samhandlinga med skulen er endå tettare enn før. Dette viser att i utlån til barn og unge.</p> <p>Det er samla for biblioteket auka utlån både til barn og vaksne, mens media som video og musikk har gått tilbake.</p> <p>Aktive lånarar: 2.575 (2007: 2.773) –</p> <p>dvs. knapt 27% (2007: 29%) av innb.</p> <p>Fleire lånarar kommuniserer med biblioteket via e-post og internettkatalog</p> <p>Samarbeid på tvers av sektorane meir i fokus:</p> <p>Gode eksempel i 2007 er bLEST , Babeluba og Frivilligsentralen.</p> <p>Samarbeid med barnehagane utvikla sterkare ved at barnebibliotekaren besøker møte for foreldre og tilsette og snakkar om bøker og lesing.</p> <p>Regional fraktordning mellom sju kommunar held fram som ei prøveordning. Sett frå Tysvær har dette vore positivt. Ordninga må forankrast sterkare økonomisk og organisatorisk om den skal bli permanent.</p>
<p>Kulturskulen:</p> <p>Ta inn alle elevar som ønskjer plass:</p> <p>Ferdigstill planarbeid, lærarplanar og foreta brukarundersøking:</p> <p>Å vera ein aktiv og synleg kulturskule:</p> <p>Betra romsituasjon for undervisning:</p> <p>Oppretta stilling som musikkterapeut i samarbeid på tvers i kommunen:</p>	<p>329 elevar og venteliste på 60 personar mot 40 dei forrige åra. 15% av elevar i grunnskulealder har plass, mens det nasjonale målet på 30% ville gitt 480 elevar. Venteliste mest på gitar og elles piano, slagverk og song.</p> <p>Tendens at fleire elevar går på andre fag enn musikk; særleg er teatergruppene populære.</p> <p>Ingen står meir enn eit år utan å få eit tilbod.</p> <p>Planarbeid og handbok fullført våren 2008 og handsama i oppvekst- og kulturutvalet.</p> <p>Deltok på opninga av Stavanger 2008, Hele Norge synger, teaterframføringa "Cindyrella", arrangert mange konsertar sjølv og delteke på svært arrangement, CD og DVD innspeling.</p> <p>Undervisning på Tysværtunet må ofte flyttast pga aktivitetsskollisjonar, så behov aukar sterkt for gjennomføring av planane for innreing av U2 under idrettshallen. Ikkje gjennomført pga manglande finansiering.</p> <p>Ikkje jobba med pga innsparing i kommunen.</p>
<p>Tysværtunet:</p>	<p>2008 var eit svært aktivt år på Tysværtunet kulturhus:</p> <p>Kulturarrangement: Storsalen: 44 arr. med billettsal (2007:40), til saman</p>



Hovudmål	Status måloppnåing
<p>Mål å ha stor aktivitet:</p> <p>Kino: Vera aktivt med når digital kino kjem til landet:</p> <p>Økonomi i balanse:</p> <p>Framtid:</p>	<p>235 bruksgonger (2007: ca 200). Mange flotte arrangement både med profesjonelle og lokale aktører som Riksteateret, Rikskonsertene, Stavanger Symfoniorkester, kjente artistar samt lokale aktører. Ein del teknisk utstyr oppgradert ut frå kommunestyret si ekstraløyving i 2008.</p> <p>Badeanlegget: 58.000 betalande badegjester, (2007: 60.000, tidlegare rekord frå 2000: 57.761) inkl. gratisbading skular og organisasjonar: ca 72.000. Dette er svært bra med ein sommar med fint ver mot dårleg ver i 2007.</p> <p>Idrettsdelen: Stor aktivitet og alle treningstider ettermiddag/kveld er opptekne slik at ein ikkje kan imøtekomme alle ønske om treningstider. Tysvær vektløftarklubb driv styrketrening i sportsenteret, der det er og er trening for foreiningar/lag samt kommunale institusjonar.</p> <p>Utleige konferanse/møte: 391 foredrag/konferanse/møte (2007: 371). Gode tilbakemeldingar, men ein er avhengig av godt konferanseutstyr, og ein fekk heller ikkje i 2008 trådløst nettverk som mange etterspør.</p> <p>Utstilling: Tysvær kunstlag hadde varierte utstillingar. Også andre har utstilling - 171 utstillingsdagar.</p> <p>Kino: Besøk: 8754 (2007: 8995) – nedgang på 2%. Hovudgrunnen er nok svært dårleg besøk på gratiskino i sommar med fint ver. 45% av besøket var vaksen/ungdomsfilm mot normalt 30%, dette nok pga filmene "Mamma Mia" og "Max Manus". Kinobesøket fordeler seg med 5000 i Storsalen og 3700 i Litlesalen.</p> <p>Regionalt kinosamarbeid starta planlegging med tanke på digitalisering av kino som no er forventa iverksett 2010/2011.</p> <p>Tysværtunet kulturhus gjekk i 2008 økonomisk i balanse. Det er gledeleg, men det hadde vore behov for meir pengar på vedlikehald.</p> <p>Tysværtunet er ein viktig arena for barn og unge når ein ser kor mange i dei aldersgruppene som dagleg brukar huset til forestillingar, bading, idrett, kulturskule, bibliotek osv. Det er eit klart behov for meir lokalt til kulturskulen og også øvingslokale for musikk for ungdom, dette han løysast eit stykke på veg gjennom innreiing av U2.</p>
<p>Barn og unge:</p> <p>Ha stor fokus på ungdom og fritid:</p> <p>Barn skal møte ulike kulturuttrykk:</p>	<p>Avanti fritidsklubb: Ein viss nedgang i besøk i høve til toppåret 2007, men fremleis ein svært populær fritidsklubb. Opne laurdagskveldar med målgruppe eldre ungdom jan-mai og sept-nov dekkar eit klart behov.</p> <p>Arrangert 8 H@ll of fun-arrangement for ungdom på Tysværtunet med god oppslutning. Arrangert både lokal UKM og fylkes-UKM på Tysværtunet.</p> <p>Kulturkontoret var aktiv i planfasen for World Village som vart arrangert i september. Ikkje avgjort om den blir årleg slik målet er.</p> <p>Fleire arrangement med og for barn enn før gjennomført: Babeluba, bLEST, førsteklassefest, fleire teaterforestillingar for barn/familie på Tysværtunet.</p> <p>Kulturkontoret er gått sterkare inn i opplegget for den kulturelle skulesekken i samsvar med kulturdepartementet sine føringar for dette tiltaket.</p>

Hovudmål	Status måloppnåing
<p>Frivillige lag:</p> <p>Støtte ein aktiv frivillig sektor:</p>	<p>Stabilt tal på organisasjonar: 241 (2007: 246) registrerte lag. 113 søknader om kulturmidler (2007: 118) – fordelt kr. 1.550.000 (2007:kr.1.250.000) .</p> <p>Medlemstal for dei som søkte kulturmidler i 2008: 7764 (2007: 6214), av dette utgjør idrett heile 3.948.</p> <p>Frivilligsentral vart starta i september i regi av Kirkens Bymisjon og med støtte frå Kultur- og kirkedepartementet samt Tysvær kommune. Frivilligsentralen har hatt ein god oppstartsperiode.</p>
<p>Idrett og friluftsliv:</p> <p>Tilretteleggja anlegg for idrett og nærmiljø for uorganisert aktivitet:</p> <p>Idrettsanlegg skal vedlikehaldast godt:</p> <p>Tilretteleggja for aktiv bruk av naturen:</p>	<p>Skjold IL sin idrettshall i Grinde og kunstgrasbane i Tysværvåg opna.</p> <p>3 nærmiljøanlegg er ferdigstilte; ballbinge i Grinde og nærmiljøanlegg i Grinde og Nedstrand.</p> <p>Ein har jobba med planar for storhallen på Frakkagjerd og 7 nye nærmiljøanlegg.</p> <p>19 søknader om spelemidler levert i 2008 – 11 søknader innvilga med til saman kr.1.920.000.</p> <p>Ikkje fått løysing på grasproblemet på kajakkanlegget, men nye løysingar til vurdering saman med kommuneutvikling.</p> <p>Kapasitetsproblem med vedlikehald av nye kunstgrasbanar og ballbingar.</p> <p>Vel 200 personar leverte inn svar på turopplegget "Gå tur i Tysvær" med eigen konkurranse for barn.</p> 
<p>Kultur for alle:</p> <p>Tysværkulturen skal vera for alle:</p>	<p>Kring 30 brukarar har behov for fritidskontakt. Det er vanskeleg å få tak i mange nok fritidskontaktar og ved årsskiftet manglar ein 7 (i fjor 6). Fritidsgruppa med 10-12 aktive går svært godt.</p> <p>Innvandrarar: Få nye flyktningar i 2008. Mykje tid brukt på ungdommar som markerte seg både på skule og fritid. Kulturkontoret har jobba målretta for å få fleirkulturelle ungdommar inn i småjobbar i feriar. Kvinnegruppe og sømjekurs er populære tiltak.</p> <p>Kartlegg fritidsinteresser i familiar og prøver å få den einskilde inn i aktivitetar.</p> <p>Kulturprosjektet "På en sengelengdes avstand" oppstarta av aktivitet og omsorg av tildelte pengar frå kulturdepartementet til "Den kulturelle spaserstokken".</p>
<p>Kulturvern:</p> <p>Utvikla prosjekt i samhandling kultur, skule og reiseliv:</p>	<p>Nedstrand strandstadutvikling – planarbeid tilnærma fullført i samhandling med Riksantikvaren, fylkeskommunen, Statens Vegvesen, arkitekt og brei samansett arbeidsgruppe.</p> <p>Hertevig Observatorium – Lyset på Borgøy: Forprosjekt fullført med svært positiv tilbakemelding og arbeid med finansiering starta.</p> <p>Bygdeboka "Slik levde dei 1920 – 1970" utgjeven november 2008.</p> <p>Slusene i Skjoldastraumen feira 100-årsjubileum og Statens Vegvesen har restaurert deler er anlegget.</p>

Hovudmål	Status måloppnåing
	<p>"Markens grøde" arrangert på Sandbekken med stor oppslutning i samarbeid med lag og næringsdrivande – markering av den nasjonale kulturminnedagen.</p> <p>Fjerdeklassane i Tysvær har delteke på utvandrarleirskulen på Sandbekken.</p>



11.4 RESULTATOMRÅDET SINE PRIORITERTE UTFORDRINGAR OG MÅL

Betra romsituasjonen for kulturskulen og kulturaktivitetar på Tysværtunet, særleg med tanke på ungdom og musikk, gjennom innreieing av underetasje under idrettshallen.

Auka andel av barn/unge i Tysvær som får plass i kulturskulen - kan gamle Aksdal Barnehage verta eit Barnas kulturhus med tverrfagleg vinkling?

Framleis ha stor fokus på ungdom og stimulera til større eigenmedverknad

Vera med når det vert opna for digital kino i landet.

Skaffa finansiering til "Nedstrand Strandstadutvikling", og "Hertervig Observatorium – Lyset på Borgøy".

Skal Tysvær kommune ta mål av seg til å verta eit knutepunkt for formidling av utvandrarhistoria gjennom etablering av "Verdensuret i Aksdal" ?

Etablere "World Village" som årleg internasjonal leir på Nedstrand samt utvikla utvandrarleirskulen på Sandbekken som ein regional utvandrarleirskule.

Vurdera ny bibliotekfilial i tilknytting til ny barneskule på Frakkagjerd.

Ha fokus på tilrettelegging for fysisk aktivitet både innan idrett og friluftsliv.

Vedlikehald:

- Tysværtunet kulturhus frå 1993 krev auka vedlikehald
- Auka mengde idretts- og nærmiljøanlegg fører til auka vedlikehaldsbehov.

12 RESULTATOMRÅDE KOMMUNEUTVIKLING

12.1 ØKONOMI

	Rekneskap	Årsbudsjett	Forbruk %	Avvik
Br.driftsutgifter	76 443	68 591	111,4	7 852
Br.driftsinntekter	-45 146	-37 088	122	-8 057
Nt.driftsutgifter	31 297	31 503	99,3	-205

Avskrivningar og kalkulatoriske rentar er ikkje med i tala her, men er utgiftsført på rett teneste under ansvar for fellesutgifter.

Kommunen sitt energiforbruk vert utgiftsført på resultatområde teknisk, forbruk er kr 689 000.- over budsjett. I dette ligg eit meirforbruk på ansvar for veg, som gjeld gatelys, på kr 267 000.-

Det er sett av ein sentral reserve som buffer for overskridingar på energibudsjettet. VAR-området har betydelege meirinntekter, men og meirutgifter. I tillegg kjem indirekte kostnader, som løn, rekneskap, administrasjon og liknande, som *ikkje er utgiftsført under kommuneutvikling*. Med bakgrunn i dette er området blitt styrka med kr 990 000.- frå bunde driftsfond, *jf. kommentarar for VAR-området*. Ei ytterlegare styrking av resultatområdet for meirutgifter straum vil soleis ikkje bli gjort.

Leasingutgiftene er dryge 500 000 kr. over budsjett. Dette er kommentert i budsjett 2009, og vil bli utgreia i eigen sak våren 2009 om kommunen sine bilordningar.

Kjøp tenester frå private er betydeleg over budsjett, og er i hovudsak kjøp tenester til vedlikehald av vegar, inkludert skyssutgifter til Borgøy, samt byggvedlikehald. Innan oppmålingstenester er det brukt endel ekstern konsulenthjelp, her er tilsvarande meirinntekter. Kommunen vil ila. våren 2009 gå ut på anbod, jf. lov om offentlege anskaffingar, for kjøp av oppmålingstenester.

Det skal og utarbeidast sak om skyss til Borgøy, der ein mellom anna må ta stilling til om avtalen med Rødne skal reforhandlast, *jf. eigne kommentarar om Borgøy sambandet*.

På inntekstssida ser ein at tilknytingsavgiftene er vesentleg over budsjettet, det forklarast med høg byggaktivitet i kommunen og regulering av gebyrsatsane.

Generelt :

Tysvær kommune er i ein positiv utvikling med høg aktivitet med vekst i befolkning og næringsverksemd. Vekst i kommunen skaper større etterspurnad etter tekniske tenester. Budsjettet fylgjar ikkje denne økte etterspurnaden og derfor har kostnadskontroll med utgiftsida vore i fokus. Ønsker ein at tekniske tenester skal fylgje utvikling i kommunen må budsjetta auke i årane framover.

12.2 TENESTER

12.2.1 TEKNISK KONTOR

Kommuneplan

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen er så vidt starta opp med at organiseringa av arbeidet er vurdert og det er gjort avtale om utarbeiding av befolkningsprognose.

Kommunale reguleringsplanar

Det er lagt ned eit stort arbeid i reguleringsplanen for Aksdal. Krav om konsekvensutredning gjorde at arbeidet tok lenger tid enn planlagt, men konsekvensutredninga er nå gjort ferdig. Framdriftsplanen for reguleringsplanen er revidert og vi ser nå for oss å bruka ein større del av 2009 til dette arbeidet.

Arbeidet med reguleringsplan for Frakkagjerd er ført fram til 2. gongs behandling i kommuneutviklingsutvalet.

Intern organisering

Det er utarbeidd eit forslag til organisasjonsplan for resultatområdet. Dette er klar for organisasjonsmessig behandling. Ein viktig problemstilling i planen vil vera korleis ein kan få lagt tilhøva til rette for folkevald oppfølging av resultatområdet sitt totale arbeidsområde.

12.2.2 BYGGESAK – OG REGULERING

Byggesak

Kommuneutviklingsutvalet har dette året hatt 8 (9) ordinære møter der det er behandla **190** (185) **saker** inklusiv landbruks-, brann- og andre tekniske saker. I tillegg har kommuneutviklingssjefen behandla **318** (363) **saker på delegasjon**. Talet på meldingssaker etter pbl § 81, 84, 85, 86a og b er **179** (171).

Det er vidare gitt løyve til oppføring av **68** (75) **bustadeiningar**, **7** (24) **hytter**, **44** (51) **garasjar**, **18**(8) **naust** og til **27** (37) **utslepp for avløpsvatn**. Tala i parentes er for fjoråret.

Reguleringsplanar godkjent i 2008

Reguleringsplan for Eikelund, Førland

Reguleringsplan for Øverland, Nedstrand

Reguleringsplan for Førreparken

Reguleringsplan for hytteområde Bakkevik

Reguleringsplan for Såt (steinbrotet i Espevik) (oversendt til MD).

Talet på *planar som er under behandling pr. 31.12.08* er 12.

12.2.3 BYGG OG EIGEDOM

Bygg

Følgjande bygge-prosjekt har vore arbeidd med i 2008:

Ferdigstilling:

Nedstrand barne- og ungdomsskole, tilbygg/ombygging

Trafikksikring ved Grinde skole

Frivillighetssentral, ombygging Akسدal

Bygging:

Frakkagjerd barneskole, nybygg

Tysvær Arena - idrettshall/storhall på Frakkagjerd, nybygg

Grinde skole, tilbygg/ombygging

Aksdal barnehage, nybygg

Fjellhaug barnehage, nybygg

Tysværvåg barnehage, tilbygg/ombygging

Planlegging:

Tysværvåg barne- og ungdomsskole

Lars Hertervig - "Lyset på Borgøy", forprosjekt er ferdig.

Eigedom

I 2008 har Tysvær kommune skrivne kjøpekontrakt om følgjande areal:

- Friluftsområde i Narravik.

- Areal til museumsområde (tollbua) i Nedstrand.

Sal av bustadtomter i 2008:

Nappatjørn I	6
Nappatjørn II	34
Høie/Kallevik	2
Gardhaug del 7	2
Bjørnsvik	1
Bådsvik II	1
SUM	46 bustadtomter

Sal av industritomter i 2008

I 2008 er det solgt tilleggsareal til 2 industritomter i Stuvik.

Aksdal industripark.

Anbodspapir for utbygging er utarbeidd. Det er gjennomført marknadsføring av industriparken for sal til eigedomsutviklar/entreprenør for vidare utbygging og sal av næringsstomter.

Enøk

Gjeldande Enøk Handlingsplan gjekk ut i 2006. Ein har heller ikkje i 2008 hatt kapasitet til å rullera denne, noko ein har som mål å få utført i 2009.

Kommunalteknisk plan og anlegg

Følgjande kommunaltekniske anlegg har vore arbeidd med i 2008:

Ferdigstilling

- Utbeting/ombygging reinseanlegg i Førre
- Kloakk og g/s veg på Førland
- Kunstgrasbane Falkeid IL, Tysværvåg

Planlegging

- Høgdebasseng Garhaug, anbud er tildelt og klart til bygging.
- Bustadfelt Øverland i Nedstrand, anbudspapir klar.
- Vassleidning Skjoldastraumen, anbudspapir klar.
- Utviding bustadfelt Garhaug, anbudspapir under utarbeiding.
- Kloakk Padlane til Hetland, anbudspapir under utarbeiding.
- Vass- og kloakkleidning frå Stakkestadvatnet/Nesheim til Førre.
- Vass- og kloakkleidning frå Slåttevik til Haugaland næringspark.
- Oppgradering av vassreinseanlegget på Lønning.

Miljøvern

Det er arbeidd med følgjande i 2008:

Grøn Kvardag Haugalandet

Samarbeid mellom kommunane Haugesund, Karmøy og Tysvær. Bidrar til positiv miljøinnsats i barnehagar og skular.

Tysvær Rådhus - Miljøfyrtårn.

Årleg miljørapport om avfall, energi og HMS.

Arbeid med dei tverretatlege prosjekta *Kulturlandskapsgruppa* og *Barndom i Tysvær*.

12.2.4 KART OG OPPMÅLING

Arbeidet er utført innanfor dei rammene som er gitt av kommunestyret. Vi har eit overskott på kr.200.000 i 2008.

Vi har utført oppmålingsarbeid for Bokn kommune innan området kart- og oppmåling i samsvar med inngått avtale. Vi har leigd inn 2 konsulentfirma for å ta unna ein del av oppmålingsarbeidet i Bokn og Tysvær kommunar.

Vi har ansvar for at Tysvær kommune har digitale kartdata som er à jour.

Resultat:

Vi har laga 122 målebrev i 2008.

Ny programvare er tatt i bruk i samband med ny matrikkellov som truleg vil trå i kraft frå 1. 1.2010.

Det er gjennomført flyfotografering (laserskanning) for å laga 1 meter høgdekoter over heile Tysvær kommune. Nye høgdekoter vil bli levert februar 2009.

Det vart oppretta ny stilling i 2008 som skal arbeida med tildeling av vegnamn og husnummer. Dette arbeidet er starta opp i ytre del av Tysvær kommune.

12.2.5 BRANN OG REDNINGSVESEN

Beredskap

I 2008 har Tysvær brannvesen registrert 79 oppdrag. Av desse var det 42 oppdrag med utalarmering av mannskap og 37 vart meldt via vakttelefonen til brannvesenet. Dette er ein del høgare enn dei fem føregåande åra med eit snitt på ca. 45 oppdrag. Den største auken er det i oppdrag utan alarm. Dette er oppdrag som befalsvakta løyser sjølv, evt med hjelp av ein eller fleire brannmannskap tilkalla via telefon.

	2004	2005	2006	2007	2008
Bygningsbrannar	7	3	2	2	6
Unødige alarmer	8	17	15	24	19
Gras/lyng/skogbrannar	0	10	6	5	7
Bilbrannar	1	4	4	1	5
Pipebrannar	0	4	1	4	3
Andre brannar	5	2	3	3	5
Trafikkulykker	9	6	7	8	14
Annan assistanse	4	0	5	5	20
Vasskade / oversv..	0	1	0	0	0
Brann camp vogn/telt	1	1	0	0	0
Brann i båt	1	0	1	0	0
Oppdrag pr. år	36	48	44	52	79

Det mest beklagelige for fjoråret er dei mange bygningsbrannane. *To einbustadar og fire hytter vart meir eller mindre totalskadd av brann.* Talet trafikkulykker og bilbrannar er også høgare enn i normalår, heldigvis utan alvorlege personskader.

Utrykkingar registrert som "unødige alarmer" er gått noko ned. Dette er utrykkingar som i hovudsak er knytt til automatiske meldingar frå brannalarmanlegg. Oppdrag under "annan assistanse" er oppdrag der ein eller fleire mannskap er kalla ut via telefon. Noko av forklaringa på auken i denne posten er betre rutinar på å rapportera/dokumentera oppdraga.

Frammøtet på oppdrag og øvingar var på respektive 55 og 79%, noko som er på linje med føregåande år. Det betyr at det i snitt møtte 8 mann når alarmen gjekk.

Det vart det gjennomført 6 brannøvingar på kvar av dei tre stasjonane, i tillegg varme øvingar for røykdykkarar (nedbrenning av hus). For deler av mannskapa i Aksdal og Tysværvåg vart det i tillegg gjennomført to samøvingar på og med StatoilHydro Kårstø.

Kompetanse:

For å gjennomføre DSB sine krav til dispensasjon har ein av befalet vore på brannskulen på 6 vekers kurs, i tillegg har enkelte av manskapet vore på ulike kurs (utrykkingsleiar, blålys og utvida kurs for kjøring av stor bil)

Då ein del mannskap har slutta pga høg alder dei siste to åra vart det i 2008 gjennomført ein mindre omorganisering av eksisterande mannskap. I tillegg vart det tilsett 6 nye deltidsmannskap, fordelt med 3 stk i Aksdal, 1 stk i Tysværvåg og 2 mann på Nedstrand.

Førebyggjande

I førebyggjande avdeling i Tysvær brannvesen vart det gjennomført ca. 80 % av lovpålagte tilsyn med særskilte brannobjekt. Det vart i tillegg ein del brannundervisning/opplæring av tilsette i mellom anna skular, barnehagar og helseinstitusjonar.

Feiarane begynte året med feiing grunna etterslep på feiing frå 2007. Etter kvart gjekk feiaren over til å gjennomføre tilsyn i private bustader. Av ca. 3.250 bustader med eldstader vart det utført feiing i 488 stk, og tilsyn i 985 stk.

Meir enn fire månaders vakanse i feiarstilling samt opplæring av ny mann gjorde at planlagt tilsyn kom på etterskot.

I år som i fjor vart det arrangert "open brannstasjon". Dette var som alltid populært og over 300 barn og vaksne var innom i brannstasjon.

Me ønskjer å ha ein slagkraftig og god brannberedskap og gjennomføra eit målretta brannførebyggjande arbeid innanfor rammer i brannordning og myndigheitskrav.

Beredskapsmessig har året vore prega av eit høgt tal oppdrag, som har vorte løyst på ein god måte av menneska. Det har vore ein del skifte av personell, som har ført til at planlagde oppgåver har kome noko på etterskot.

12.2.6 DRIFT OG VEDLIKEHALD

Vassforsyning

Vassforsyninga omfattar fem vassverk med ni høgdebasseng. Vassforsyninga har seks trykkaukestasjonar, eit høggradig reinseanlegg og tre vassbehandlingsanlegg. Det er 142 km vassleidning.

Drifta har i 2009 gått utan store problem utanom fire store vassleidningsbrudd som har medført større utskiftingar ved brudd.

Kvaliteten på vatnet i Tysvær er godt.

Ein har i 2008 redusert kjøp av vann frå Haugesund med ca. 2.000 m³ som tilsvarer ein nedgang i på kr. 5.920 + moms.

Det er løyva pengar i budsjettet til oppgradering av reinseanlegget i Ådnavatnet.

Avløp

Avlaupsanlegg består av fire høggradige kloakkreinseanlegg med tilhøyrande 28 stk. pumpestasjonar, 5 stk. større slamavskiljarar m/uttrekksleidningar.

Det er 40 km med spillvassleidning og 39 km overvassleidning.

Det har ikkje vært større problem med avlaupsleidningar i 2008.

Reinseanlegget i Førre er utvida for å motta septikslam for egen behandling. Behandling av septikslam vart før utført av SIM.

Innført vaktordning verkar på ein svært god måte.

Veg/samferdsle

Det er 85 km. kommunalveg i kommunen. 78 km har fast dekke og resten har grusdekke. Det er 41 km. gang/sykkelveg .

Asfaltering i 2008 har vært utført etter gjenasfalteringsplan. Det er har vært ein del ekstra lapping og større arbeider /asfalteringar ved fleire store vassleidningsbrot.

Rutinane for føring av utgifter er strama inn slik at kostnader nå i større grad blir ført der dei hører heime.

Innført vaktordning verkar på ein svært god måte.

Grøntanlegg

Vi har fått tilsett gartner i 2008 samt overført to skogsarbeidarar frå landbruk til grøntsektoren. Eit årsverk av desse skal gå på skjøtsel av skog. Vi har med dette fått ei betre samordning av ressursane og eit meir tilfredstillande arbeid på grøntsektoren i 2008 enn tidlegare.

Samarbeidet mellom kyrkja når det gjeld graving av graver og anna går tilfredstillande.

Byggvedlikehald

Resultatområdet har ansvar for drift og vedlikehald av heile bygningsmassen utanom Tysværtunet – kulturdel.

Utskifting av PCB armaturar er fullført tidleg i året.

Det er tilsett to formenn for med 20 % delstilling kvar i drift/vedlikehald. Dette har vore svært vellykka og vi arbeider med å utvida stillingsprosenten til 100 % i 2009.

Resultatvurdering

Utgiftsida i regnskapen er stort sett i tråd med budsjett. Over – og underforbruk på dei einiskilde ansvar balanserer slik at ein helde seg innanfor budsjett.

Resultat synas godt i forhold til at vi har hatt ein tilsett mindre og at det var stor auke i materialprisar og entreprenørprisar i 2008.

Energiutgiftene kan synast høge og ein bør, for å få desse så låge som mulig, vurderer å legge energiutgiftene direkte ut på den einiskilde brukar. Dette vil gi et godt incitament for å halde energikostnadene låge.

12.2.7 Landbruk

Seksjon Landbruk er nærings- og servicekontor for bønder og andre grunneigarar i Tysvær, Bokn, Haugesund og delvis Sveio (skog). Viktige fagområda er jord- og skogbruk, vilt- og utmarksnærings og akvakultur. Sentrale oppgåver er iverksetjing av statlege verkemiddel dvs økonomiske og juridiske, samt kommunale økonomiske ordningar gjennom tiltaks- og næringsfondet. Seksjon Landbruk tar del i to regionalutviklingsprosjekt; Melkeprosjektet på Haugalandet, og Sjø Haugalandet som har fokus på tiltak mot gjengroing langs utvalde vegstrekningar og landskapsområder.

Resultatvurdering

2008 var fjerde året med tilskotsordninga Regionalt miljøprogram (RMP). Søknadsprosenten var 56 (+2), 32 (-8) og 69 (+3) prosent frå bønder i respektive Tysvær, Haugesund og Bokn. Endring i høve til 2007 i parentes. RMP er WTO-klarert og slik sett truleg ei ordning for framtida.

Utviklinga i jordbruket går i retning av meir ekstensiv drift på fleire gardar, gjerne på gardar som har seld mjølkekvoten. Det er ein trend at fleire unge bønder satsar på sau. Fleire nybygg til sau blir delfinansiert av midlar frå bygdeutviklingsfondet. Reine nybygg til mjølkeproduksjon har me ikkje hatt på fleire år. Dette er grunna svak økonomi. Det er god interesse for tilskot over næringsfondet særleg til grøfting, men og til nydyrking.

Arbeidet mot ureining vart som tidlegare år gjennomført ved sjekking av utsette bekker for utslepp av silosaft. Registrerte utslepp vart følgde opp.

2008 var fjerde året med tilskot til kjøp av mjølkekvote. Statistikken over kjøpt mjølkekvote var i skrivande stund ikkje klar. Nye reglar med opning for leige av kvote gjer tilskot til kjøp av kvote mindre aktuell. 4 bønder selde kvoten i 2008 slik at det nå er ca 107 aktive produsentar. Nokre av produsentane er samdrifter dvs sei at meir enn ein mjølkekvote blir produsert i same fjøset.

Målsetjingar og resultat for hovudarbeidsområder går fram nedanfor.

Utfordringar og mål

Enkelte mål under særskilde arbeidsområder er nemnde i tekstboksen ovanfor.

Etablering av gardskart i Tysvær blir ei ressursmessig utfordring. Produksjonen skjer i regi av instituttet Skog og Landskap .

Samarbeidsløysingar kan bidra til kostnadseffektive løysingar i jordbruket. Bidra til fullføring av mobiliseringsprosjektet for melkeproduksjonen og vidareføring av tiltaka i prosjektet.

12.3 RESULTATOMRÅDET SINE PRIORITERTE UTFORDRINGAR OG MÅL

Resultatområdet sine hovudmål	Måloppnåing
Bygg og regulering Me skal ha lite ventetid på kurrante saker og ei forsvarleg forvaltning av lover og forskrifter.	- Vi har, trass i auka saksmengd, i stor grad nådd målet om lovpålagte fristar for søknader og reguleringsplanar. - Vi har hatt auka saksbehandlingstid for dispensasjonssaker der det ikkje er fristar og byggeplasztilsynet som er totalt fråverande i vår kommune pga kapasitetsmangel.

Resultatområdet sine hovudmål	Måloppnåing
<p>Vassverk</p> <p>Vassforsyning skal vere i samsvar med "Forskrift om vassforsyning og drikkevann" sitt krav om at vassverk skal vere godkjent.</p> <p>Alle eigedomar i kommunen skal sjekkast ut slik at ein kan få oversikt over eventuelle "gratispassasjerar" som måtte vera i systemet.</p> <p>Kommunen skal sikra seg Mjåvatn som ein hovudvasskilde</p>	<p>Alle kommunale vassverk er godkjent.</p> <p>Eit meir systematisk kontrollarbeid er ikkje starta opp, men er lagt til rette for i organisasjonsplanen som er under arbeid.</p> <p>Arbeidet er starta opp og det er lagt opp til samarbeid med grunn- og rettshavarar om ulike utnytting av vassressursen.</p>
<p>Avlaup</p> <p>Redusere forureining mest mogleg og leggje til rette for nye utbyggingar.</p> <p>Alle eigedomar i kommunen skal sjekkast ut slik at ein kan få oversikt over eventuelle "gratispassasjerar" som måtte vera i systemet</p>	<p>Reinseanlegga for kloakk fungerer godt. Drifta har gått utan problem og reinsing er på minst 90 %</p> <p>Eit meir systematisk kontrollarbeid er ikkje starta opp, men er lagt til rette for i organisasjonsplanen som er under arbeid.</p>
<p>Vegar</p> <p>Eit godt førebyggjande vedlikehald med eit trafiksikkert vegnett.</p>	<p>Vedlikehaldet på dei kommunale vegane kunne ha vore noko større, men er tilfredstillande for 2008.</p>
<p>Byggvedlikehald</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eit godt og framtidsretta byggvedlikehald. - Tilstandsregistrering og god planlegging og samordning av arbeida - Klart skilje mellom drift, vedlikehald, utbygning, ombygning, nybygning og rehabilitering. 	<p>Det har ikkje vore eit tilfredstillande vedlikehald. Noko etterslep på vedlikehald er utført med ekstraordinære løyvingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er arbeid med å få på plass eit tilfredsstillande system for systematisk vedlikehald og drift av bygningane. - Det er lag til rette for dette i organisasjonsplanen som er under arbeid
<p>Oppmåling</p> <p>Iverksetting av ny lov om eigedomsregistrering</p> <p>Etablering høgdekoter med god kvalitet over heile kommunen</p> <p>Nye ortofoto for heile Tysvær kommune i 2010</p> <p>Vidareutvikling av kartinformasjon på internett, få lagt ut reguleringsplanar m.m. på internett.</p>	<p>Ny programvare er tatt i bruk for at vi skal kunna utføra oppgåvene etter ny lov trer i kraft.</p> <p>Nye høgdekoter vil bli levert februar 2009</p> <p>Nye ortofoto for heile Tysvær kommune ligg inne i Statens kartverk sin geodataplan for 2009-2012.</p> <p>Oppdatert geografisk informasjon er nå tilgjengeleg på www.fonnakart.no</p>

Resultatområdet sine hovudmål	Måloppnåing
<p>Tildeling av vegnamn og husnummer i heile kommunen.</p> <p>Vi ynskjer at det skal vera kort ventetid på å få utført oppmålingsarbeid.</p> <p>Arbeid med kvalitetsheving av geografisk informasjon.</p> <p>Skanning av ca.4000 skylddelingsforretningar som vart etablert i perioden 1900-1980.</p>	<p>Arbeidet med tildeling av vegnamn og husnummer også for områder utanom byggefelt vart starta opp i ytre deler av kommunen i2008.</p> <p>Vi har redusert ventetida på frådelings saker til ca. 2 veker etter at det er gitt delingsløyve.</p> <p>Kvalitetsheving av geografisk informasjon er ein kontinuerleg prosess.</p> <p>Vi har nå skanna 50% av skylddelingane.</p>
<p>Brann og redningsvesen</p> <p>Ei slagkraftig og god brannberedskap</p> <p>Eit målretta brannførebyggjande arbeid innanfor rammer i brannordning og myndigheitskrav.</p>	<p>-Eit høgt tal utrykingar som har vorte løyst på ein god måte av mannskapa.</p> <p>- Skifte av folk har ført til at planlagde oppgåver har kome noko på etterskot. Brannbilen i Tysværvåg hatt ein del driftsproblem og er klar for utskifting.</p>
<p>Miljøvern</p> <p>Ei utvikling som sikrar livsgrunnlag både i dag og for kommande generasjonar. Forvalte biologisk mangfald i naturområde, jordbrukslandskapet og kystsona på ein måte som sikrar levedyktige bestand av artar som fins naturleg i Tysvær</p>	<p>Biologisk mangfald i Tysvær er kartlagt, men det er ikkje utarbeidd kart.</p>
<p>Landbruk</p> <p>Spesielle Miljøtiltak i Landbruket (SMIL),</p> <p>Mål: Fleire fellesbeiter i utmark. Tiltak i kystlynghei har prioritet. Bidra til å bekjempe gjengroing langs hovedveier.</p> <p>Bedre oppslutning om Regionalt Miljøprogram (RMP).</p> <p>Større andel søknader om produksjonstilskudd levert elektronisk.</p>	<p>Kulturlandskapsgruppa for Tysvær, Bokn og Haugesund innvilga 8 søknader i Tysvær, 4 i Haugesund og 4 i Bokn. Løyvde beløp var henholdsvis kr 750 000, kr 180 000 og kr 200 000.</p> <p>Svak auke i søknadstal til RMP i Tysvær og Bokn. Sjå tal ovanfor. Markert nedgang i Haugesund.</p> <p>Omlegging til søknad gjennom AltInn i 2007 gav redusert søknad via internett. Det er handsama ca 724 søknadar om produksjonstilskot og om lag 50 søknadar om avløyssarrefusjon ved sjukdom m.m. Kontoret utfører tilskotsforvaltning i Tysvær, Bokn og Haugesund og Sveio (kun skog).</p>
<p>Ta unna saker til politisk behandling og saker avgjorde på delegasjon etter kvart.</p> <p>Positiv utvikling i Mobiliserings-prosjektet for mjølkeproduksjonen</p> <p>Skogbruk : Nærings- og miljøtiltak i skogbruket</p>	<p>Tysvær: Det er førebudd 18 saker for kommuneutviklingsutvalet, fordelt med 12 på jordbruk og 6 på skog og utmark. 144 saker avgjorde på delegasjon. Bokn: 23 saker vart avgjorde på delegasjon.</p> <p>Det er god respons på Mjølkeprosjektet. Men bønder byggjer ikkje nytt, dei byggjer ut eksisterande bygningar.</p> <p>Status: 114 dekar Status: 305 dekar Det vart avverka 12000 m³ for sal gjennom</p>

Resultatområdet sine hovudmål	Måloppnåing
Full tilplanting etter hogst Ungskogpleie Hogst Klargjering av foryngelsesfelt	Skogeigarlaget Vest, førstehandsverdi på 3,2 mill. Dette er ein auke på 34%. I tillegg vedhogst på ca 1500 kbm ³ .
Gjødsling	Status:104 dekar.
Vegbygging	Status: 95 dekar.
Biobrensleanlegg	Status: Eit stort anlegg gjort ferdig. Tre andre har fått byggjeløyve.
Vilt	Ingen anlegg
Mest mogleg grunneigarstyrte storvald.	Ny fellingsrekord tal hjort: 370 dyr = 73,6% fellings%
Rovdyr	Felling rådyr: 160 dyr
Viltfondet	Fleire grunneigarar melder seg inn i storvald. 31 felte rev, noko som utgjorde 6 975 kroner i rovdyrpremie.
	Inntekt til viltfondet: 120 000 kroner. Det vart løyvt tilskot til fire storvald, prosjekt havørn, arbeidet med fallvilt, og det interkommunale hjorteviltutvalet og kurs.

12.4 UTFORDRINGANE SOM ME SER FRAMOVER ER FYLGJANDE:

For kommunane å klare å rekruttere og behalde dyktige medarbeidarar.

Å klare å halde ei forsvarleg sakshandsamingstid med akslerande aktivitet og meir og meir kompliserande regelverk.

Digitalisering av teikningar (kommunale bygg). Dette er ei stor og viktig oppgåve.

Utarbeiding av nødvendige kommunale reguleringsplanar

Å få nok resursar til å få fart på adressetildeling.

Utvida folkevald engasjement i heile resultatområdet

Å få styrka stab/støttefunksjonen for resultatområdet.

- Etablering av gardskart i Tysvær blir ei ressursmessig utfordring. Produksjonen skjer i regi av instituttet Skog og Landskap .
- Samarbeidsløysingar som kan bidra til kostnadseffektive løysingar i jordbruket.
- Bidra til fullføring av mobiliseringsprosjektet for mjølkeproduksjonen og vidareføring av tiltaka i prosjektet.